



Høgskulen  
på Vestlandet



# Årsrapport

2023





## Kapittel I

# Styrets fråsegn

Høgskulen på Vestlandet er mellom dei største utdanningsinstitusjonane i landet med 16 500 studentar og om lag 2 000 tilsette fordelt på dei fem studiestadane Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal og Stord. I 2023 var det 2 476 som fullførte bachelorutdanning, 867 som fullførte masterutdanning og 12 som tok doktorgrad.

Høgskulen har sidan fusjonen i 2017 arbeidd målmedvite for å kvalifisere for universitetsstatus, og søknaden blir sendt i 2024. Studieporteføljen har år for år blitt utvikla og tilpassa kompetansebehova i samfunns- og næringsliv. Det er gjort eit omfattande arbeid for å utvikle studieprogramma til eit heilskapleg tilbod i samspel mellom dei ulike studiestadane. Forskningsverksemda har jamn framgang med auke i dei eksterne inntektene, og fleire nye prosjekt med internasjonale samarbeidspartnarar. Veksten i publiseringspoeng per fagleg årsverk har halde fram trass i nedgang i sektoren samla sett.

## Høg kvalitet i utdanning og forskning

2023 var første året både for ny verksemdstrategi (2023-2030) og ny utviklingsavtale med KD (2023-2026), og dei strategiske ambisjonane og måla har vore styrande for prioriteringar i 2023.

## Utdanning

Høgskulen har ei omfattande studieportefølje, og utviklinga av denne blir påverka av ei rekke faktorar. Strategisk utvikling av studieporteføljen blei definert som eit omstillingsområde i 2023 og styret vedtok fem overordna prinsipp (kompetansebehov, campus, økonomi, forskning og fleksible tilbod) som i strategiperioden skal vere retningsgivande for utviklinga av den eigenfinansierte studieporteføljen.

Høgskulen hadde i 2023 fleire ledige studieplassar enn tidlegare, med sviktande rekruttering til fleire av våre største utdanningar. Sjølv om dette er i samsvar med det nasjonale bildet, er det ei stor utfordring for høgskulen fordi lågare studiepoeng- og kandidatproduksjon vil gi lågare inntekter dei kommande åra. Også i 2023 har det vore stor merksemd mot kvalitetsarbeidet og utvikling av studieporteføljen.

Studentane er høgskulen sine viktigaste ambassadørar. Studentane sitt læringsmiljø, studiekvalitet og deltaking er sentralt. Ulike studentundersøkingar gir informasjon som blir nytta i det kontinuerlege utviklings- og kvalitetsarbeidet. Resultat frå Studiebarometeret viser at skåren på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten var noko betre i 2023 enn i 2022.



HVL si kandidatundersøking viste at høgskulen sine kandidatar er veltilpassa på arbeidsmarknaden. Det er vekst knytt til både student- og tilsettutveksling.

## Forsking

Høgskulen ønskjer å styrke sin posisjon som forskingsinstitusjon gjennom målretta og systematisk arbeid. Utviklinga er positiv på fleire område. Over fleire år har det vore fokus på å auke talet på tilsette i topp- og førstestillingar, og denne veksten har halde fram i 2023. Dei siste publiseringstala viser framleis vekst på publiseringspoeng per fagleg årsverk. Tildeling per fagleg årsverk både frå Forskingsrådet, EU og bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet har auka frå 2022 til 2023. Satsinga på tverrfagleg forskingssamarbeid har gitt oss fleire store prosjekt i 2023. Tilstrøyminga av kandidatar er framleis god til alle ph.d.-programma, men talet på avlagte doktorgrader var lågare enn venta.

Forskingsetikk er eit viktig satsingsområde for å sikre god kvalitet i forskinga. Opplæring i forkingsetikk til masterstudentar og ph.d.-kandidatar, kurs i personvern, forkingsetikk og datahandtering for rettleiarar på master- og ph.d.-utdanningar, og tilgang til digital opplæring i personvern og forkingsetikk for alle studentar og tilsette, er døme på tiltak som er sett i verk.

## Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

### Økonomi

Høgskulen har hatt god vekst sidan fusjonen i 2017, men innrettar seg no etter dei politiske signala om mindre vekst i åra som kjem. Dette tyder sterkare merksemd mot omprioritering og tilpassing av aktivitetsnivå til endra rammevilkår. Derfor har vi i 2023 mellom anna arbeidd med den strategiske styringa av studieporteføljen, omorganisering og endring av fakultetsstrukturen, og organisering og dimensjonering av teknisk-administrative støttefunksjonar. Høgskulen har i samarbeid med andre fleircampus-institusjonar (VINST-alliansen) også arbeidd for å få aksept for meirkostnader ved å ha aktivitet på fleire studiestader.

### Berekraft

Styret vedtok i april høgskulen sin første Handlingsplan for berekraftig utvikling. Målet med handlingsplanen er ein samla plan for alt berekraftarbeidet dei neste fire åra, fagleg, administrativt og knytt til drift og vedlikehald på alle campusane.

## Innovasjon

Høgskulen sitt finansieringsprogram for innovasjonsprosjekt i tidleg fase, opplevde vekst i talet på søknadar frå 2022 til 2023. Talet på innmelde forretningssidear gjekk noko ned frå 2022, men satsing på tverrfagleg forskingssamarbeid har gitt oss fleire store samarbeidsprosjekt. Høgskulen sitt studenttilbod innan innovasjon og entreprenørskap, HVL Skape, opplevde aukande etterspørsel, og fleire HVL-initierte prosjekt med delfinansiering frå eksterne partar er etablert.

## God tilgang til utdanning, forking og kompetanse i heile landet

Fleircampusstrukturen med fem studiestadar geografisk spreidd på Vestlandet og 16 500 studentar totalt, gjer at høgskulen i stor grad bidreg til sektormålet knytt til god tilgang til utdanning, forking og kompetanse i heile landet. Vekst i både tilbod og studentar knytt til fleksible studietilbod forsterkar dette bidraget ytterlegare.

For høgskulen er det eit viktig strategisk mål å ha fem levande campus. Eit campusutviklingsprosjekt i perioden 2020-2022 avdekkja behov for å samordne det faglege arbeidet på campusane for å nå måla knytt til å vere ein meir attraktiv studiestad og styrke samarbeidet med arbeidslivet. I 2023 er det derfor etablert campusmøte, eit rådgjevande organ for toppleiinga i HVL, og dette er ein arena det er behov for å utvikle vidare.

Den nasjonale trenden knytt til lågare studentrekruttering, råkar dei fem campusane i ulik grad. Dette handlar mellom anna om at det no er vesentleg færre søkjarar til utdanningar som tidlegare har hatt mange studentar, til dømes lærarutdanningane og sjukepleie. For å sikre eit så godt tilbod som mogleg på alle campusane, er det stor grad av samordning av tilbod og undervisning på tvers.

## Om styret

Høgskulen fekk nytt styre 1. august 2023. Ni av elleve representantar er nye. Eit varmedlem har møtt fast hausten 2023 sidan KD ikkje har utnemnt det siste faste styremedlemmet. Tidlegare og noverande styre hadde i 2023 samla sett åtte ordinære og to ekstraordinære møte og behandla 103 saker. Seks av styremøta har blitt gjennomført fysisk, fordelt på fire av campusane, dei resterande har blitt gjennomført digitalt. Styret hadde to styreseminar med følgjande tema:

- Omstilling 2023
- Berekraftig økonomi og studieporteføljestyring ved HVL på kort og mellomlang sikt

## Dei viktigaste prioriteringane for 2024

I 2024 vil styret ha særskild merksemd på:

- Oppfølging og operasjonalisering av ny verksemdstrategi
- Oppfølging av utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet for perioden 2023-26
- Vidare utvikling av arbeidet med den strategiske styringa av studieporteføljen, auke eksterne inntekter og organisering og dimensjonering av teknisk-administrative støttefunksjonar
- Forskingsetikk
- Studentrekruttering og gjennomstrøyming
- Universitetssøknaden
- Regional utvikling
- Tilpassing av aktivitet til økonomiske rammer

Dato: 7. mars 2024

  
Arvid Hallén (styreleiar)

  
Wenche Kjølås

  
Kristine Kopperud Timberlid

  
Sverre Meling

  
Erik Kyrkjebø

  
Tom Are Trippstad

  
Sissel Rosland

  
Hege Myklebust

  
Solveig Råheim Grønsdal

  
Kai Holdnes Jørgensen

  
Frida Lunde Høisæther



## Kapittel II

# Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD) og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

### Nøkkeltal 2023

Tal årsverk	1 967
Tal registrerte studentar	16 483
Sum driftsinntekter	2 734 859 000
Total tildeling frå KD	2 360 182 000
Løyving frå andre departement	4 220 000
Tilskot og overføring frå andre statlege etatar	72 224 000
Avlagte doktorgrader	12

Tabell 1: Nøkkeltal 2023  
(kjelde: DBH).

Høgskulen blir leia av styret, og rektor er dagleg leiar for den faglege og administrative verksemda. Rektors leiargruppe, toppleiinga, består av prorektor for utdanning, prorektor for forskning, prorektor for regional utvikling, dekanane for fakulteta, organisasjonsdirektør, og direktør for økonomi og arealforvaltning.

Samfunnsoppdraget vårt i 2023 var å bidra til at kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft, at samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse og at kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske forskjellar (jf. dei tre overordna måla for kunnskapssektoren omtalt i KD sitt tildelingsbrev til høgskulen i 2023).

Styret vedtok i 2022 ein ny verksemdsstrategi for perioden 2023-2030 og det blei inngått ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet som hadde oppstart i 2023. Utviklingsavtalen er tett integrert i den nye strategien.


Eit viktig premiss i strategien er eit samfunnsoppdrag som både er definert ut frå føremålet til UH-lova og utfordringar og mål som går fram av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, og vår eigenart.

Ein sentral ambisjon i strategien er å byggje og utvikle eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Høgskulen tilbyr utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå. Den faglege verksemda var i 2023 organisert i fire fakultet; Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS), Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) og Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS). Frå 2024 er fakulteta FIN og FØS samla i Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS). Høgskulen tilbyr fire eigne doktorgradsprogram; Studiar av danning og didaktiske praksisar, Datateknologi, Helse, funksjon og deltaking og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling.

I samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge, NTNU og UiT Norges Arktiske Universitet tilbyr Høgskulen på Vestlandet i tillegg doktorgradsprogram i Nautiske operasjonar.

Høgskulen har over tid samarbeidd med Universitetet i Sørøst-Norge (USN), Høgskolen i Innlandet (HINN) og Nord Universitet, og i 2023 blei samarbeidet formalisert i ein avtale (VINST-alliansen). Gjennom VINST-alliansen får vi høve til å styrke merksemda på kva som trengst for å utvikle fleircampusinstitusjonane til det beste for studentar, tilsette og regionane. Institusjonane vil samarbeide om felles interesser, både når det gjeld rammevilkår for sektoren, utdanning og forskning.



Figur 1: Organisasjonskart 2023 (frå 2024 er Fakultet for ingeniør og naturvitskap og Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap samla i Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap) (kjelde: hvl.no)

Fakultet	Studentar	Årsverk	Kandidatar*	Campus
Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)	5 151	456	1 275	Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN)	3 049	374	633	Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)	5 831	543	1 091	Sogndal, Bergen og Stord
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS)	2 452	148	477	Sogndal, Bergen og Haugesund

\* Kandidatar = Fullført vitnemålsgevande studieprogram. I tillegg til kandidatane pr fakultet er det 15 kandidatar som ikkje er knytt til fakulteta.

Campus	Studentar	Årsverk	Kandidatar
Bergen	10 418	1 173	2 040
Førde	849	87	204
Haugesund	1 905	193	323
Sogndal	2 361	348	579
Stord	950	167	254
<b>Totalt</b>	<b>16 483</b>	<b>1 967</b>	<b>3 491**</b>

\*\* 91 er ikkje knytt mot campus.

Førde

Sogndal

Bergen

Stord

Haugesund

Figur 2: Campus





## Kapittel III

# Årets aktiviteter og resultat

Årsrapportens kapittel III inneheld resultat, analysar og vurderingar av Høgskulen på Vestlandet på:

1. Sektormåla og måla i verksemdstrategien (2023-2030)
2. Måla i utviklingsavtalen (2023-2026)
3. Måla i gevinstrealiseringsplanen for strukturreforma

Nemnte mål og tilhørande parameter er integrert i ein heilskapleg målstruktur i høgskulen sine plandokument, men vi har her valt å rapportere på dei ulike delane kvar for seg. Dei tre måla i utviklingsavtalen utgjer tre av seks mål i verksemdstrategien (mål 1, 2 og 5) og desse blir omtalt meir utfyllande under utviklingsavtalen.

## 1. Resultatrapportering på sektormåla og verksemdstrategien

For 2023 gjaldt følgande overordna og langsiktige sektormål for universitet og høgskular:

1. Høg kvalitet i utdanning og forskning
2. Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon
3. God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

I 2022 vedtok høgskulen ny verksemdstrategi som gjeld for perioden 2023-2030. Gjennom strategien sine tre strategiske ambisjonar og seks overordna mål viser høgskulen korleis vi bidreg til å svare ut sektormåla. Strategien gjer greie for vegval for å løyse samfunnsoppdraget ut frå korleis vi ser på framtida, ut frå vår identitet og våre verdier. Det sentrale er at vi bygger eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil, vi er ein fleircampusinstitusjon som bidreg til utvikling i heile regionen, vi har ei sterk praksisorientering og samhandling med arbeids- og samfunnsliv, og vi spelar ei aktiv rolle og tek eit ansvar for å påverke samfunnsutviklinga innan områda våre. Derfor er dei overordna ambisjonane i strategien at utdanningane og forskinga vår skal vere for samfunns- og arbeidslivet, at vi skal vere ei sterk innovasjonskraft og at vi er ein ambisiøs samfunnsaktør.



Utdelinga av utdanningskvalitetsprisen, språkprisen og forskings- og utviklingsprisen for 2023. Anne-Grethe Naustdal, Ingvil Brugger Budal, Anette Fagertun, Morten Hammerborg og Geir Kåre Resaland.

## Strategisk ambisjon 1: Utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet

Vi skal halde fram med å styrke kvaliteten i utdanning og forskning for å fremme eit velfungerande samfunns- og arbeidsliv og for utviklinga av det norske velferds-samfunnet. Utdanninga og forskinga vår er integrert og tett på arbeidslivet. Dette er berejvelken for å bygge menneske og samfunn, og for å bidra til å løyse samfunnsutfordringar.

### Mål 1: Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov.

Høgskulen har over mange år hatt stort fokus på at utdanningane vi tilbyr skal vere relevante og ha høg kvalitet. Dei siste åra har det dessutan vore prioritert å auke omfanget av utdanningar med meir fleksible innretningar enn heiltidstilbod på campus. Studenttala viser at stadig fleire nyttar seg av desse tilboda.

I 2023 var det 3 491 kandidatar som fullførte ei vitnemålsgevande grad ved høgskulen, nesten 250 fleire enn i 2022. For å oppretthalde høg kandidatproduksjon blir det jobba med å betre rekrutteringa til ein del utdanningar som har opplevd rekrutteringssvikt dei siste åra, og arbeidet med å auke gjennomføringa held fram.

Kandidatundersøkinga viser høg score på arbeidslivsrelevans og det er stort fokus på praksis og student-

oppgåver i samarbeid med arbeidsliv og eigne forskargrupper. I 2023 har vi sett ei positiv utvikling knytt til internasjonalisering og studentengasjementet har tatt seg opp igjen etter pandemien.

### Mål 2: Forskinga vår held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet.

Høgskulen har høge ambisjonar knytt til forskning, og det har over fleire år vore jobba systematisk med både å auke kvaliteten i forskinga, at forskinga skal få større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet og at vi skal ha eit større omfang på tverrfaglege forskingssamarbeid.

Det har vore sett i verk ei rekke ulike tiltak, og resultat av dette er mellom anna stor vekst i tal tilsette med førstekompetanse, jamn vekst i publiseringspoeng og publiseringspoeng pr fagleg årsverk og vekst i eksterne inntekter frå Forskningsrådet og EU. Det er også fokus på auka samarbeid med prioriterte land utanfor EU, og då særleg landa omfatta av Panoramastrategien. Høgskulen har også sett i gang eit arbeid kring ansvarleg internasjonalt kunnskapssamarbeid.

Høgskulen rekrutterer godt til dei fire ph.d.-programma og har dei siste åra hatt ein solid auke i aktive stipendiatar. Tal avlagte doktorgrader var i 2023 lågare enn venta, og det blir jobba med å sikre stabile forskarutdanningar over tid.



HVL-forskarane Claire Glenton og Lars Coenen er på lista over verdas mest siterte forskarar.

## Strategisk ambisjon 2: Ei sterk innovasjonskraft

Høg kompetanse og mangfald blant tilsette og studentar, eit stort geografisk nedslagsfelt og tette relasjonar til samfunns- og arbeidslivet gjer oss til ein sentral innovasjonsaktør. Innovasjonsarbeidet vårt bidreg til sosial, miljømessig og økonomisk berekraft

### Mål 3: Ansvarleg innovasjon pregar samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet.

Fagmiljøa arbeider med å utvikle både utdanningsprogram og innovasjonsprosjekt knytt til berekraft. Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling utviklar gjennom forskning systematisk kunnskap som verkemiddel og metodar for å stimulere til innovasjon og entreprenørskap i næringsliv, offentleg sektor og blant eigne studentar. Høgskulen sitt ph.d.-program Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (Responsible Innovation and Regional Development - RESINNREG) er ei framtidretta forskarutdanning med vekt på ansvarleg innovasjon for ei berekraftig regional utvikling. Fleire fakultet samarbeider om denne graden og i 2023 var det 37 kandidatar registrert på dette programmet.

Høgskulen sitt finansieringsprogram for innovasjonsprosjekt i tidleg fase (Program for idéutvikling) opplevde vekst i tal søknadar frå 2022 til 2023. Talet på innmelde forretningsidéar gjekk noko ned frå 2022, medan det er sendt ulike typar søknadar til Forskingsrådet, og innovasjonssøknadar til ulike EU-program. Høgskulen har satsa på tverrfagleg forskingssamarbeid og dette har gitt resultat i form av fleire store samarbeidsprosjekt.

HVL Skape er høgskulen sitt studenttilbod innan innovasjon og entreprenørskap, utover det som skjer i fag og emne. HVL Skape rettleiar studentar som har ein idé og støttar med rådgjeving knytt til både konsept, utvikling og finansiering. Studentane har tilgang til både interne finansieringsordningar (mikrofinansiering og Program for idéutvikling), og eksterntfinansiering

(STUD-ENT-ordninga til Innovasjon Norge). Det er aukande etterspurnad etter rådgjeving, og studentane blir kopla til både interne og eksterne kompetansmiljø som kan hjelpe dei vidare i å utvikle idéen sin. HVL si satsing på studentinnovasjon er ein god brubyggjar til arbeidslivet i regionen.

I 2023 fullførte høgskulen etableringa av læringslabar ved alle våre fem campus. Denne etableringa er eit uttrykk for at vi er ein moderne høgskule med studentar og tilsette som kan utforske, samhandle og skape, med ny teknologi og avansert bruk av denne som verktøy. Satsinga på teknologi i undervisning og læring er noko som styrkar kunnskapsgrunnlaget i utdanningane våre. Målet med læringslabane er å styrke den digitale kompetansen til studentar og tilsette ved å gjere denne type utstyr tilgjengeleg for fleire. Utstyret kan bli brukt både av enkeltpersonar og grupper som ønskjer å utvikle seg innan læring, utvikle ny undervisning, eller prøve ut nye digitale arbeidsmåtar. Til dømes kan ein utvikle seg innan 3D-printing, koding og programmering, VR/360, videoproduksjon, podkast eller streaming. Vi har også eksterne samarbeidspartnarar knytt til dei ulike læringslabane, mellom anna med skuleetatane i Bergen og Stord kommune, Media City Bergen, Sogn næring og Idrettsenteret i Sogndal. Vi arbeider med å få på plass samarbeidsavtalar også i Førde og Haugesund.

### Mål 4: Organisasjonen vår er kjenneteikna av at vi søker forbetring

Høgskulen skal både tilpasse seg endra eksterne forventningar og føresetnader, og drive fram endring. For at høgskulen skal møte det samla utfordringsbiletet for sektoren framover, blei det definert fire tiltaksområde for omstilling i 2023. Desse var strategisk styring av studieportefølje, etablering av eit nytt fakultet, Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS) (samanslåing av FIN og FØS), organisering og dimensjonering av støttefunksjonar og auka eksterne inntekter. Høgskulen har dei siste åra hatt vekst i del administrative stillingar av totalt tal årsverk, men for å tilpasse oss strammare økonomiske rammer framover, er det innført stillingsstopp for slike stillingar i 2024.

Organisasjonen må kontinuerleg utviklast, og vere stad for utvikling. Kompetanseutvikling for vitskapeleg tilsette er ein naturleg del av dette. I tillegg kjem kompetanseløft i teknisk-administrativt personale, for å stø under kjerneverksemda. Vår leiingsplattform er revidert i 2023, og er styrande for vidare utvikling av leiaropplæring og -utvikling.



Digitalisering er sentralt i forbetningsarbeidet, og høgskulen har sett av innsatsmidlar til dette. Frå 2023 har vi hatt ein eigen overordna digital ambisjon kalla “Klok digitalisering 2023 - 2030”. Denne er vår målretta fortolking av den nasjonale strategien for digital omstilling i sektoren. Arbeidet med operasjonalisering er starta, og prosjektporteføljen er organisert i samsvar med alle seks interessentgruppene i den nasjonale strategien. Talet på endringsprosjekt aukar, og utvikling av intern prosjekt-kompetanse framfor kjøp av eksterne tenester har vore prioritert. Høgskulen gir opplæring i lågkodeprogrammering og robotisering til utvalde grupper, og innføring i kunstig intelligens til alle tilsettgrupper. I 2023 har om lag halvparten av avsette midlar gått til utdanningsretta prosjekt.

### Strategisk ambisjon 3: Ein ambisiøs samfunnsaktør

Som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet fremjar vi vitenskaplege tenkjemåtar, akademisk fridom og kunnskapsbaserte avgjerder. Vi er det inkluderande, utfordrande og samhandlande fleircampusuniversitetet på Vestlandet. Vi er den føretrekte kunnskapspartnaren i regionen, og vi har stort truverd og eit godt omdømme.

### Mål 5: Vi er eit samskapande universitet med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle

Høgskulen har dette året gjort fleire grep for å utvikle høgskulen og campusane på tvers av organisatoriske og geografiske skiljelinjer. Det gjeld både internt, mellom fakultet og campusar, og mellom høgskulen og samfunns- og arbeidslivet rundt oss. I 2023 har det blitt lagt ned eit stort arbeid med å etablere det nye fakultetet (FTMS), som mellom anna skal styrke samarbeidet mellom fagmiljøa. Campusmøtet er etablert på alle campusane for å betre campusutviklinga, og campus er vedtatt som ein av fem stolpar i felles prinsipp for studieporteføljeutviklinga. Som del av den regionale rolla er det inngått nye samarbeid med studiesenter om studietilbod.

Ved å ta i bruk ei rekke fleksible undervisningsmetodar, blir dei faglege ressursane nytta best mogeleg i studietilbod organisert på dei fem campusane, nettbasert og i andre former. Fleire tilsette har stillingar som er delt mellom høgskulen og andre verksemdar, og kvar enkelt av dei styrkar koplinga til arbeidslivet. Det er etablert faste møteplassar med arbeids- og samfunnslivet der ein saman arbeider for regional utvikling. Mange av arrangementa på campusane er resultat av samarbeid

med eksterne partar som har felles mål. Gjennom dette utviklar vi campusar med mangfaldig aktivitet, der målet er at utdanning, forskning og formidling frå høgskulen skal bidra til meir berekraftige samfunn.

### Mål 6: Vi deler kunnskap og deltek aktivt i samfunnsdebatten

Høgskulen har i 2023 jobba systematisk med å formidle kunnskap om og frå fagområda våre. Forsking knytt til store samfunnsaktuelle tema har kome på dagsorden både lokalt og nasjonalt. Vi har særleg lagt vekt på ny kunnskap innan helse, innovasjon, oppvekst og det grønne skiftet. Samla sett ser vi ein auke i omtale i nasjonale kanalar på 25% i 2023 samanlikna med 2022.

I arbeidet med å formidle forskning har vi også jobba mykje med å få fram forskarane og forskinga gjennom vårt medlemskap i forskning.no, både gjennom egne saker og fleire intervju. Det blir arrangert egne formidlingskurs retta mot vitenskapleg tilsette og stipendiatar. Forskinga blir også formidla gjennom høgskulen sine egne sosiale medium-kanalar. Her måler vi responsen kontinuerleg og justerer format og uttrykk for å nå ut til flest mogleg.



Fire fleircampusinstitusjonar med til saman 27 studie-stadar går no saman for å styrke samarbeidet om forskning, utdanning og regional utvikling. Foto: USN

Høgskulen skal ha leiarar og tilsette som er aktive i samfunnsdebatten, og dei har vore aktive bidragsytarar på diverse konferansar og arrangement, i tillegg til å markere seg i media i 2023. Aktuelle saker utover forskingsformidling har mellom anna vore knytt til finansiering, universitetssøknaden, den nye VINST-alliansen og dispensasjonssøknadane om karakterkrav. På Clarivate si årlege oversikt over verdas mest siterte forskarar på verdsbasis, var det i 2023 to tilsette frå HVL, Lars Coenen og Claire Glenton. Coenen si forskning ligg i kryssingspunktet mellom innovasjon, regional utvikling og berekraft. Glenton arbeider med systematiske oversikter og forskingsmetodar som er relevant for helsepersonell, brukarar og beslutningstakarar.



## 2. Resultatrapportering på utviklingsavtalen

### Mål 1. Forskinga ved HVL held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet.

Høgskulen styrkar stadig sin posisjon som forskingsinstitusjon gjennom fleirårig målretta og systematisk arbeid. I tråd med verksemdstrategien (2023-2030) skal forskingsaktivitetane bli styrka ved å vidareutvikle eksisterande fagmiljø og byggje fleire nasjonalt og internasjonalt leiande forskingsmiljø. Høgskulen skal utvikle og gi prioritet til tverrfagleg forskning. Eit vesentleg kjenneteikn er at forskninga skal skje i samarbeid med samfunns- og arbeidslivet. Delen av forskninga som er finansiert gjennom eksterne midlar skal auke, og forskninga skal bli gjort meir open. Forskinga skal i aukande grad bli teken i bruk i grunnutdanningane, i etter- og vidareutdanningstilboda, men også ute i samfunns- og arbeidslivet. Forskartalenta og forskingsleiarane skal få rammevilkår for å kunne utvikle og drive forskingsfelta framover.

I utviklingsavtalen med KD er det definert tre styringsparameter under aktuelt mål:

1. Auka kvalitet i forskninga
2. Større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet
3. Meir tverrfagleg forskingssamarbeid

Tabell 3: Tal på ph.d.-kandidatar registrert som aktive i ph.d.-programma pr 31.12.23.

Ph.d.-program	2019	2020	2021	2022*	2023*
Studiar av danning og didaktiske praksisar	63	64	71	74	76
Datateknologi/Computer Science	30	38	42	41	48
Nautiske operasjonar (fellesgrad) **	5	6	7	7	6
Helse, funksjon og deltaking	12(G)	26	36	47	50
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling	G	16	25	35	37
<b>Til saman</b>	<b>98</b>	<b>150</b>	<b>181</b>	<b>204</b>	<b>217</b>

\*Fleire tilsette stipendiatar har søkt/skal søkje opptak til ph.d.-studia. Desse vil ha ein reell oppstart av ph.d.-perioden sin i 2023, og opptak vil bli etter-registrert. Tilsvarande er tala for 2022 oppdatert.

\*\*Tabellen viser til ph.d.-kandidatar som har HVL som «vertsinstitusjon»

## 1. Auka kvalitet i forskninga

Auka kvalitet i forskning som ei strategisk målsetting inneber tiltak på ei rekke område med betydning for forskninga.

### Første- og toppkompetanse

Høgskulen har hatt stort fokus på å auke talet tilsette med første- og toppkompetanse. Når det gjeld rekruttering har det vore særleg fokus på at faste stillingar skal vere på førstestillingsnivå eller høgare. Vidare har karriereseminar og ulike kompetansehevingsstipend for fagtilsette blitt vidareført. I 2023 har tolv tilsette fått opprykk til professor, sju har fått opprykk til førsteamanuensis og tolv til førstelektor. Samla gir dette ei positiv utvikling. Del årsverk i førstestillingar av faglege årsverk har auka frå 59,41% i 2022 til 62,87% i 2023.

Stillingstittel	2019	2020	2021	2022	2023
Professor	119	132	144	149	163
Dosent	20	19	17	17	18
Førsteamanuensis	301	315	328	345	364
Førstelektor	109	112	109	109	119

Tabell 2: Årsverk første- og toppstillingar 2019-2023. Kjelde: DBH.

### Doktorgradsutdanning

Høgskulen har fire eigne ph.d.-program, og ei ph.d.-fellesgrad som er eit samarbeid med tre andre UH-institusjonar. Tilstrøyminga av kandidatar har vore god for alle ph.d.-programma, og ved utgangen av 2023 er det registrert 217 ph.d.-kandidatar.

Fram til 2023 hadde høgskulen 84 faste rekrutteringsheimlar finansiert av departementet. Desse er fordelt som stipendiatheimlar til fakulteta og øyremerka til dei fem ph.d.-programma. Høgskulen held fast på denne fordelinga av stipendiatheimlar sjølv om heimlane ikkje lenger er øyremerkte frå KD. Dei resterande stipendiatstillingane er hovudsakleg finansiert av eigne strategiske midlar og midlar frå Forskingsrådet. Om lag 14 % av ph.d.-kandidatane er finansiert av andre enn høgskulen og Forskingsrådet. Dette gjeld stipendiatar tilsett ved andre høgskular, forskingsinstitutt eller helseføretak, eller stipendiatar som er finansiert av andre eksterne finansieringskjelder. Doktorar utdanna i høgskulens eigne program er svært aktuelle i vår rekruttering og oppbygging av kompetanse. Vi har fagområde som står framfor eit generasjonsskifte der det er vanskeleg å rekruttere kvalifiserte søkjarar med førstekompetanse.



HVL gjennomførte i september 2023 sin andre doktorpromosjon.

Det blei til saman avlagt tolv doktorgrader i 2023. Talet på avlagte doktorgrader er lågare enn venta og viser ein nedgang frå 2022. Ved utgangen av 2023 har høgskulen 14 avhandlingar som er levert for vurdering – noko som lovar godt for talet på avlagte doktorgrader i 2024.

Ph.d.-program	2019	2020	2021	2022	2023
Studiar av danning og didaktiske praksisar	1	4	6	7	3
Datateknologi /Computer Science	-	2	3	4	5
Nautiske operasjonar (fellesgrad)	-	-	-	1	1
Helse, funksjon og deltaking	-	-	1	1	2
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling	-	-	-	2	1
<b>Til saman</b>	<b>1</b>	<b>6</b>	<b>10</b>	<b>15</b>	<b>12</b>

Tabell 4: Avlagte doktorgrader ved HVL i perioden 2019-2023

### Forskingsetikk

Eit viktig satsingsområde knytt til kvalitet og tillit til forskning er forkingsetikk. Høgskulen gir opplæring i forkingsetikk, personvern, og datahandtering for masterstudentar, ph.d.-kandidatar, rettleiarar og andre vitenskapleg tilsette. Alle tilsette og studentar har tilgang til digital opplæring i personvern og forkingsetikk gjennom e-læring og kunnskapsspel frå Sikresiden.no.

Funn frå gjennomførte internkontrollar og tilbakemeldingar frå tilsette har avdekket eit behov for systematisk opplæring til fagtilsette som rettleiar studentar på ulike nivå. Det er i tillegg etablert ei arbeidsgruppe som i 2024 skal jobbe med utvikling av eit obligatorisk kurs for grunnopplæring i personvern for alle tilsette. Det er etablert eit prosjekt for implementering av nye

digitale system i student- og forskarprosjekt for å sikre betre kvalitet i vurdering og gjennomføring av prosjekta med tanke på forkingsetikk, personvern og informasjonstryggleik. Dette er også tema i ulike seminar og møter på forskingsgruppe- og programnivå.

Alle fakulteta hadde ved utgangen av 2023 etablert forkingsetiske komitéar. Komitéane vil vere viktige i høgskulen sitt system for å ivareta forkingsetikk og tilrå forskingsprosjekt. Forskingsetisk utval følgjer opp høgskulen sine retningslinjer for handsaming av saker om mogleg brot på anerkjende forkingsetiske normer, og har òg ein viktig kulturbyggande rolle. Eit arbeid med å revidere retningslinjer for forkingsetikk og personvern er påbegynt i 2023, og vil bli fullført i 2024.

## Vitskapleg publisering

Høgskulen har hatt som mål å auke publiseringstala kvart år, og fleire tiltak er sett i verk. Ulike stipend-ordningar for tilsette, tildeling av driftsmiddel til skriveseminar og tildeling av FoUI-tid basert på rapportering er nokre døme på dette. Publiseringstala for 2023 er først klare i april 2024. Tala for 2022 viser at den jamne veksten høgskulen har hatt dei siste åra held fram.

Publiseringspoeng per faglege årsverk steig frå 0,73 i 2021 til 0,74 i 2022. Høgskulen har med det ikkje nådd målet for 2022 som var på 0,77, men skil seg likevel ut som ein av få institusjonar som hadde ein auke. For sektoren som heile var det ein betydeleg reduksjon i denne indikatoren frå 2021 til 2022. HVL har også ein fin auke i forfattardelar på nivå 2, frå 14,2% i 2021 til 16,9% i 2022.

	2020	2021	2022	2023*
Publiseringspoeng per faglege årsverk. (Kjelde: Cristin)	0,69	0,73	0,74	
Forfattardelar på nivå 2. (Kjelde: DBH)	13,9 %	14,2 %	16,9 %	
Publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap. (Kjelde: Cristin)	54 %	52 %	51 %	
Publikasjonar med open tilgang. (Kjelde: Cristin)	57%	60 %	62 %	

Tabell 5: Vitskapleg publisering. Kjelder: Christin og DBH.

Delen publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap har hatt ein liten nedgang dei siste par åra, men her har det likevel vore ei god utvikling sidan 2018, då delen var 41 %. Likeins har høgskulen hatt ein jamn framgang i open publisering på desse åra. Det er likevel eit potensiale for å auke denne delen meir, særleg ved eigenarkivering. I november 2023 vedtok høgskulen ein rettighetspolitikk som lar forfattarar legge den aksepterte manusversjonen av tidsskriftartiklane sine opent tilgjengeleg utan opphald, uavhengig av forlaga sine reglar for dette. Målet er at dette skal auke delen open publisering ytterlegare og dermed bidra til å nå regjerings sitt mål om at all offentleg finansiert forskning skal bli gjort opent tilgjengeleg.

## 2. Større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet

### Ekstern finansiering - søknadar og prosjekt

Ein sentral indikator knytt til både kvalitet i forskinga og større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet, er omfanget av eksternt finansierte forskingsprosjekt. I 2023 hadde høgskulen 86,1 mill. kr. i samla bidragsinntekter frå Forskningsrådet, som er eit nytt toppnivå. Same utvikling ser ein på inntektstala per fagleg årsverk, og talet aukar frå om lag 61 000 kr i 2022 til om lag 68 000 kr i 2023.

	2020	2021	2022	2023
Tildeling frå Forskningsrådet	59 102	72 016	75 446	86 131
Tildeling frå Forskningsrådet pr fagleg årsverk	51,38	60,49	61,08	68,85

Tabell 6: Tildeling frå Forskningsrådet (alle tal i tusen kr). Kjelde: DBH

Tildelingane frå Forskningsrådet er resultat av stor aktivitet over tid i fakulteta knytt til å auke kvalitet, søknadsvolum og eksterne inntekter til forskning. Høgskulen har over fleire år hatt ei god auke i inntektene, med særleg mange søknadar og god uttelling i perioden 2019-2021. Dette viser at forskinga vår er etterspurt. Ved utgang av 2023 er talet på aktive prosjekt finansiert av Forsknings-

rådet der høgskulen er prosjekteiger 36, og samla verdi av desse er ca. 412 mill. kr. Av 39 innsendte søknadar til Forskningsrådet i 2023, er det gitt sju prosjektløyvingar så langt. Nye prosjektløyvingar i 2023 har ein samla verdi på ca. 32 mill. kr.

\* Tala for 2023 blir publisert i april 2024.

Frå 2021 har høgskulen hatt nedgang i både tal søknadar og løyvingar frå Forskingsrådet. Om ikkje denne utviklinga snur, vil det føre til reduserte bidragsinntekter i åra som kjem. Nedgangen skuldast dels at konkurransen om midlane er hardna, og dels kutt i midlar nasjonalt. Tiltak for å motverke trenden er mellom anna å finne i rekrutteringsstrategiane, der ein i vitskaplege tilsetningssaker skal vektlegge professorkompetanse, at kandidatane kan vise til breitt og internasjonalt nettverk, resultat frå internasjonalt forskingssamarbeid, resultat frå ekstern finansiering av forskning og brei publiseringserfaring. Det forskingsadministrative støtteapparatet er også styrka, og tilbyr intern kursing, individuell rettleiing, prosjektoppfølgning med meir, på tvers av fakulteta. Høgskulen har også retta satsinga sterkare mot andre store finansieringskjelder, som til dømes EUs ramme-program.

I 2023 innvilga Forskingsrådet ein søknad om næringsph.d. med høgskulen som gradsgjevande institusjon. Ved utgangen av 2023 hadde høgskulen til saman sju offentleg sektor ph.d.-kandidatar og to næringsph.d.-kandidatar (ein av dei med oppstartsdato 1.1.2024).

Høgskulen har vore aktiv innanfor ei rekke program og tiltak knytt til internasjonalt samarbeid med utvalde partnerar frå både UH-sektoren og andre sektorar. Prosjekta har bidrege til auka kvalitet i forskinga og utdanningane våre, og til å styrke høgskulen si rolle i utviklinga av vår region. Mellom anna, har høgskulen

dei siste åra hatt ei god utvikling med auke av inntekter frå EU gjennom både Erasmus+ og Horisont Europa. Midlar frå EU per fagleg årsverk har auka frå 11,16 til 14,94 frå 2022-2023.

Høgskulen deltok i alt i 21 søknadar til Horisont Europa i 2023, med ein samla verdi på nærmare 94 mill. euro. Fleire av søknadane er framleis til evaluering. Åtte av søknadane er MSCA søknadar. Det er to reine innovasjonssøknadar, der ein av desse var søknad til EIC Pathfinder, som blei innvilga. Resterande søknadar utgjer større samarbeidsprosjekt.

I 2023 har høgskulen tolv aktive Horisont Europa prosjekt der HVL er prosjekteigar for seks av dei. Høgskulen har seks nye prosjektløyvingar i løpet av 2023, og tre prosjekt er avslutta i 2023. Av dei seks nye prosjektløyvingane er HVL prosjekteigar/koordinator for fem. Av aktive prosjekt er tre MSCA-Postdoctoral Fellowship (PF). Fleirtalet av andre prosjekt utgjer større tverrfaglege og sektorvise samarbeidsprosjekt som skal løyse samfunnsutfordringar.

Det gode resultatet på parameteren «Verdien av kontraktar frå EUs rammeprogram for forskning og innovasjon per FoU-årsverk» i 2022, sjå tabell 7, skuldast hovudsakeleg inngåing av kontraktane for dei nye store prosjekta SENSE og OCEAN. Omfanget av nye signerte prosjektkontraktar i 2023 indikerer at talet blir lågare for 2023, men endelege tal er førebels ikkje publisert.

Ph.d.-program	2019	2020	2021	2022	2023
Tildeling frå EUs rammeprogram (i 1000 kr)	463	0	0	0	11 146
Midlar frå EU (totalt) per fagleg årsverk (i 1000 kr)	6,14	5,34	3,86	11,16	14,94
Verdien av kontraktar frå EUs rammeprogram for forskning og innovasjon per FoU årsverk (i EURO) Kjelde: DBH. (Nasjonale styringsparametre)	2 323	2 021	0	7 561	0
Midlar frå Horisont Europa pr fagleg årsverk (i 1000 kr)	3,955	4,019	2,959	7,118	8,765
Midlar frå ERASMUS+ pr fagleg årsverk (i 1000 kr)	2,186	1,321	9,03	4,044	6,179

Tabell 7: Bidragsmidlar frå EU. Kjelde: DBH, Årsrekneskap HVL.



### Forskningsbasert innovasjon og kommersialisering

Det er i 2023 gjennomført ei evaluering av høgskulen sitt system for kommersialisering av forskning, med siktemål å vurdere korleis det fungerer, optimalisere ressursbruk og komme med forslag til forbetringar der dette kunne vere naudsynt. På bakgrunn av dette er det bestemt at høgskulen frå og med 2024 vil gå over til å bruke berre ein kommersialiseringsaktør/TTO - Vestlandets Innovasjonsselskap (VIS), for alle høgskulen sine fem campus. Det inneber at avtalane med Valide og Kunnskapsparcken Vestland frå og med 2024 ikkje blir fornya.

Andre utlysingsrunde av Program for idéutvikling, høgskulen sitt finansieringsprogram for innovasjonsprosjekt i tidleg fase, blei gjennomført i 2023. Føremålet med programmet er å stimulere til meir interesse for og aktivitet kring innovasjon, og bidra til at gode idear kan bli utvikla vidare, og komme samfunnet til gode. Det var sett av 1,5 mill. kr. til gode prosjekt, og utlysinga retta seg mot alle vitskapelege tilsette og studentar ved høgskulen. Det kom inn til saman 22 søknadar, ei auke samanlikna med 2022 (18 søknadar). 17 av søknadane var frå tilsette og fem frå studentar. Alle fakulteta var representert blant søkerane.


Talet på innmelde forretningsidear var åtte, som er ein mindre reduksjon frå 2022, då talet var ti. Det blei sendt inn ein patent frå høgskulen i 2023, knytt til superkondensatorteknologi, i tillegg til at ein patentsøknad om nanovæske og solfangarar gjekk vidare til internasjonal patentsøknadsfase (PCT-fase). I tillegg blei det oppnådd patent i Noreg for ein søknad knytt til endestykke for bærplukkande landbruksrobotar.

Det blei sendt inn to verifiseringsprosjektsøknadar til Forskningsrådet i 2023, ein som koordinator og ein som partner. Forventa svar på desse søknadane er mars 2024. Det blei sendt inn 14 kompetanse- og samarbeidsprosjektsøknadar til Forskningsrådet i 2023, der ein blei innvilga, og der tre framleis er til vurdering. I tillegg blei det sendt inn åtte innovasjonssøknadar under Horisont Europa. Av desse søknadane blei ein søknad under EIC Pathfinder innvilga, der høgskulen er koordinator.

### 3. Meir tverrfagleg forskingssamarbeid

Fokus på tverrfagleg forskingssamarbeid, på tvers av fagområde, campus, institutt og fakultet, og med relevante nasjonale og internasjonale klynger og nettverk, er mellom anna fastsett i fakulteta sine handlingsplanar for 2023. Dette inneber mobilisering av forskarar på

tvers av fagmiljø og einingar med sikte på å delta i store EU-prosjekt, søknadar til Forskningsrådets SFF/SFI-ordningar, og andre store samarbeidsprosjekt. Strukturen for organiseringa av forskingsaktivitetane gjennom forskingsgrupper og forskingsprogram legg til rette for tverrfagleg samarbeid på tvers av fakultet, campusar og forskingsgrupper. Program og grupper synleggjer særskilt sterke forskingsmiljø, som igjen gir grunnlag for spennande eksterne samarbeidsrelasjonar. Dette har ført til nye store prosjekt. Vi trekk her fram eksempel på tverrfaglege satsingar.



Gizem Ates Venås disputerte den 29. november 2023, og er den første ved HVL som disputerer ved campus Førde.

Høgskulen er mellom anna prosjekteiger og vertskap for Norges første forskarskule retta mot barnehage-sektoren, Forskarskulen NORBARN. I samarbeid med åtte partnerar dannar forskarskulen nettverk, trener ferdigheiter og støttar utvikling av forskning og kunnskapsleiing. Forskarskulen er open for ph.d.-kandidatar som ønskjer å løfte fram barns interesser, og finne sin veg i forskning som bidreg til samfunnsutvikling. Forskarskulen er også open for postdoktorar som vil lære meir og som vil bidra inn i utviklinga. Forskarskulen NORBARN tilbyr kurs tilpassa kunnskapsbehov i barnehagefeltet og styrkar doktorgradsutdanninga ved partnerinstitusjonane. Den opna i mai 2023, og er sikra finansiering av Forskningsrådet i åtte år.

HVL etablerer nå eit strategisk universitetsprogram innan digital helse og velferdsteknologi for å styrke samarbeidet mellom fakulteta. Det har over tid vore fleire forskingsprosjekt innan dette området og desse blir knytt til programmet. Dei tre ph.d.-programma innan Helse, funksjon og deltaking, Datateknologi og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling vil vere sentrale her.

Høgskulen har etablert fleire større forskingsprogram. Vi vil her trekke fram Berekraft, medverknad og mangfald – her er det fleire tverrfaglege prosjekt knytt til dei ulike lærarutdanningane, og Idrett helse og funksjon der ein i fleire prosjekt arbeider på tvers av helsefag, idrettsfag, naturfag og ingeniørfag.

Senter for omsorgsforskning vest og forskargruppa Tenesteforsk driv med tverrfagleg forskning, både på tvers av fagmiljø ved høgskulen og samarbeidande institusjonar.

### Ansvarleg internasjonalt samarbeid

Høgskulen har over tid arbeidd med å utvikle det strategiske elementet i det internasjonale arbeidet. I 2023 har vi arbeidd med å utvikle ein handlingsplan for å arbeide strategisk inn mot EU sine program for utdanning, forskning og innovasjon, og er i prosess med å ferdigstille denne. I høve til globale samarbeid er Panoramastrategien viktig, og høgskulen er i gang med eit arbeid for å byggje opp kompetanse og drive målretta arbeid for å bidra til implementeringa av denne strategien. Dette arbeidet vil inngå i ein heilskapleg handlingsplan for strategiske ansvarleg internasjonale samarbeid som vil bli utvikla i 2024. Høgskulen er også aktiv i nasjonale fora, og har mellom anna spelt inn til den nye Afrikastrategien som er under utvikling.

Høgskulen har over fleire år vore medlem av og delteke aktivt i fleire nettverk både på administrativt nivå og leiarnivå. Dette har vore ei tydeleg prioritering for høgskulen og i 2023. Som aktivt medlem av Vest-Norges Brusselkontor (VNB) og Stavangerregionens Europa-kontor (SrE) har vi arbeidd for å knytte rolla som regional partner, og det regionale nettverket, med dei internasjonale satsingane. Høgskulen har sete i begge styra, hatt medlem i SrE si arbeidsgruppe, og var hausten 2023 sentral i å skrive utkast til ny strategi for VNB. Sentralt i høgskulen si deltaking har vore å bidra til auka regional satsing og samarbeid om europeiske program og utlysingar.

Høgskulen har i fleire år delteke aktivt i Scholars at Risk-nettverket, og hadde per 31.12.2023 to forskarar under denne ordninga. Akademisk fridom er forankra i verksemdstrategien vår, og det er derfor naturleg å delta i dette nettverket. Vi presenterte vårt arbeid med Scholars at Risk på ein konferanse for europeiske universitetsleiarar våren 2023.

Høgskulen søkte i 2023 om å oppnå HR Excellence in Research Award, ei utmerking som er i regi av EU-kommisjonen. Søknaden er per januar 2024 i ein evalueringsprosess. Ved å oppnå denne utmerkinga, forpliktar høgskolen seg til kontinuerleg kvalitetsarbeid knytt til mellom anna arbeidsvilkår, karriereutvikling og rekrutteringsprosessar for vitskapleg tilsette. Ei karriere ved høgskulen skal såleis kunne bli vurdert som både attraktiv og berekraftig, noko som igjen vil bidra ytterlegare til å sikre både nasjonal og internasjonal tilgang på motiverte, høgt kvalifiserte og dyktige kandidatar innan forskning og innovasjon.

Regjeringa lanserte nye råd og retningslinjer for ansvarleg internasjonalt samarbeid i 2023, og høgskulen har sett i gang eit arbeid med å ta desse inn i eigne prosessar kring internasjonalt samarbeid og partnerskap. Høgskulen har mellom anna utarbeidd ei oversikt over alle utvekslingsavtalar og internasjonale partnerar i eksterntfinansierte forskings- og utdanningsprosjekt opp mot academic freedom index. Det er også sett ned ei eiga arbeidsgruppe for eksportkontroll på institusjonsnivå som arbeider med rutinar og system for kunnskapsoverføring.

### Mål 2. Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane ved HVL skal dekkje framtidens kompetansebehov

I tråd med verksemdstrategien (2023-2030) jobbar høgskulen med å styrke tilbodet av utdanningar med høg kvalitet og med gjennomgåande utdanningsløp til og med ph.d.- grad. Studietilbodet vårt skal vere fleksibelt og tilpassa studentar i ulike livsfasar. Kortare utdanningar skal vi kunne innpasse i gradstudia. Høge søkjartal, kvalifiserte og motiverte søkjarar og god gjennomstrøyming er føresetnader for å lykkast, og vi arbeider målretta med rekruttering, relevans og tilgjenge. Vi har eit stimulerande og tilgjengeleg læringsmiljø som er mangfaldig, internasjonalt og inkluderande. Vi vektlegg studentaktive lærings- og undervisningsformer som engasjerer og fremjar læring på både fysiske og nettstøtta læringsarenaer. Studentar tek del i forskning, noko som hevar kvaliteten i utdanningane våre. Vi gjev studentar tilbod om praksis og prosjektsamarbeid med arbeidslivet i fleire studium.

I utviklingsavtalen med KD er det definert tre styringsparameter under aktuelt mål:

4. Meir relevans i studietilbodet

5. Auka kvalitet i utdanningane

6. Meir fleksibilitet i studietilbodet

#### 4. Meir relevans i studietilbodet


Utviklinga av den samla studieporteføljen blir påverka av ei rekke faktorar - både føringar frå nasjonalt hald og institusjonelle styringssignal, men også omsyn til søkjar- og arbeidsmarknad på kort og lengre sikt. Strategisk utvikling av studieporteføljen blei difor definert som eitt av fire omstillingsområde ved høgskulen i 2023. Fem overordna prinsipp blei vedteke av styret i juni 2023, der høgskulen skal utvikle sin framtidige studieportefølje langs dei fem stolpane kompetansebehov, campus, økonomi, forskning og fleksibilisering.

Kartlegging av kompetansebehovet på Vestlandet syner trendar som også gjer seg gjeldande nasjonalt og til dels internasjonalt. Alle typar verksemdar melder om utfordringar med å rekruttere tilstrekkeleg og rett kompetanse. Samtidig er høgskulen ein del av den nasjonale trenden med nedgang i talet på søkjarar til lærarutdanningar og sjukepleie. Høgskulen er difor positiv til forslaget til Opptaksutvalet om å fjerne særskilte karakterkrav på desse utdanningane, og søkte også i 2023 KD om dispensasjon frå desse krava utan å få gjennomslag.

Det blir jobba kontinuerleg med å sikre at utdanningane våre er relevante, og kandidatundersøkinga frå hausten 2022 viste at uteksaminerte kandidatar frå høgskulen raskt fekk seg relevant jobb og at dei i stor grad opplevde at utdanninga scora høgt på arbeidslivsrelevans.

#### Studentrekruttering

God studentrekruttering er ein avgjerande faktor for å ta i vare vårt samfunnsoppdrag, og er avgjerande for økonomisk berekraft, drift og utvikling av fag- og forskingsmiljø og utvikling av campusane. Høgskulen har i 2023 fleire ledige studieplassar enn tidlegare år. Dette er ein del av eit nasjonalt mønster, der det no er langt fleire studieplassar enn det er møtte studentar, og på den måten eit betydeleg problem som er i ferd med å gi konsekvensar for kandidatproduksjon og studiepoengproduksjon. I tillegg til dei samfunnsmessige utfordringane dette har for tilgang til kandidatane for arbeidslivet både regionalt og nasjonalt, vil dette også innan kort tid gi økonomiske konsekvensar for dei resultatbaserte inntektene til høgskulen, og dermed kunne redusere handlingsrommet vi har for å bøte på dette med egne tiltak.



Figur 3: Registrerte studentar (heiltidsekvivalentar) og studiepoengproduksjon. Kjelde: DBH

Høgskulen sine fem campus er ulikt råka når det gjeld nedgang i søkjartal, og campusane i Førde og på Stord merkar nedgangen mest. For å møte utfordringa rundt sviktande rekruttering til helseutdanningane blei opptaket i Bergen auka for å kompensere for den sviktande rekrutteringa på dei andre campusane. I tillegg har fakultetet omfordelt studieplassar internt for å til dømes kunne tilby sjukepleie både på heiltid og deltid. For å unngå konkurranse mellom campusane blir det opptak av deltidsutdanningane i Førde og Stord eitt år, og Haugesund og Bergen neste år.

Studentane er våre fremste ambassadørar. Høgskulen har tilsett studentambassadørar som besøker skular, både i og utanfor regionen. Resultat frå rekrutteringsundersøkingar og interne evalueringar viser at oppsøkende verksemd gir meir nytte enn å delta på utdanningsmesser. I dei siste åra har vi difor fokusert på egne arrangement og direkte kontakt med skular i staden for store utdanningsmesser. Høgskulen har ein eigen studentredaksjon som lagar innhald for digitale kampanjar i ulike sosiale medium-kanalar. Digital synlegheit er viktig, men med auka konkurranse og høge annonsekostnadar er det utfordrande å fange merksemda til ulike målgrupper. Vi ser eit auka behov for annonsering gjennom heile året grunna fleksible utdanningstilbod, auka konkurranse og fordi søkjarane bestemmer seg tidlegare. Høgskulen har systematisk jobba med å auka synlegheita til høgskulen på nettet, sjølv om effekten er utfordrande å måle direkte. Ei rekke tiltak har dessutan blitt sett i verk i regi av det nasjonale prosjektet for rekruttering til lærarutdanning, der høgskulen sidan 2019 har hatt eit leiaransvar (sjå Rapportering på midlar tildelt over andre kapittel for omtale).

Dei siste åra har barnehage- og lærarutdanninga òg satsa ganske stort på å ha tett dialog med eksterne miljø i nedslagsfeltet til utdanningane for å utvikle tilbod som er etterspurt. Det har vore samarbeidsmøte med dei ulike nivåa, frå eigarar til rektorar/styrarar og lærarar/ barnehagepedagogar, for å kartlegge kompetansebehov

og etablere samarbeid. Dette har blitt gjort for å kunne marknadsføre eksisterande tilbod meir målretta og for å utvikle nye studietilbod som samsvarar med kompetansebehova i regionen.

### Kandidatmåltal

Utdanning	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Resultat 2023	Kandidatmåltal 2023
ABIOK	94	87	116	92	65
Bioingeniør	43	45	52	40	39
Teiknspråk og tolking	8	12	6	9	20
Ergoterapi	30	33	38	32	30
Fysioterapi	55	66	63	77	68
Jordmor	34	38	32	35	35
Radiograf	34	21	36	23	25
Sjuepleie	444	538	521	576	463
Vernepleie	105	126	138	137	98
<b>Sum helsefagutdanningane</b>	<b>847</b>	<b>966</b>	<b>1002</b>	<b>1021</b>	<b>843</b>
Barnehagelærar	325	318	307	368	256
GLU 1-7	186*	20*	147**	160**	186
GLU 5-10	199*	8*	178**	199**	137
PPU og PPU-Y	299	177	216	135	278
Faglærarutdanning	36	26	41	39	48
<b>Sum lærarutdanningane</b>	<b>1045</b>	<b>549</b>	<b>889</b>	<b>901</b>	<b>905</b>
<b>Totalsum</b>	<b>1892</b>	<b>1515</b>	<b>1891</b>	<b>1922</b>	<b>1748</b>

Tabell 8: Kandidatmåltal: Resultat 2020-2023 og måltal 2023. Kjelde: DBH

\*4-årig GLU. 2021 var eit overgangsår frå gamal til ny ordning. \*\* 5-årig integrert master.

HVL har aldri uteksaminert så mange kandidatar totalt sett som i 2023, mykje grunna dei ekstra studieplassane vi fekk tildelt under pandemien i 2020 og 2021. Når det gjeld utdanningane med særskilte kandidatmåltal, når vi ikkje måla våre på mellom anna grunnskulelærar 1-7 og PPU, sjølv om det på GLU 1-7 var vekst frå 2022 til 2023. Dei nasjonale trendane med nedgang i rekruttering til lærarutdanningane gjeld også for HVL.

Over tid har dette vore mest kritisk for GLU 1-7 på Stord og i Sogndal, samt for GLU 5-10 på Stord. I både 2022 og 2023 gjekk søkjartala ytterlegare ned på landsbasis, inkludert på barnehagelærar og også ved campusane i dei større byane. Dette tyder på at det kan bli meir krevjande å nå kandidatmåltala på desse utdanningane i framtida.



Vi har over lengre tid slite med å nå måltala både på teiknspråk og tolking og faglærar musikk. Her har vi i tidlegare årsrapportar omtalt fleire tiltak som er sett i verk for å forsøke å auke gjennomstrøyminga, men vi må vente for å sjå om desse vil ha nokon effekt på dei kulla endringane gjeld for. Når det gjeld rekruttering til den nye masterutdanninga Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag (LUPE), som erstatta den tidlegare faglærarutdanninga, har det vore god rekruttering til kroppsøving både i 2022 og 2023, medan vi ikkje har lukkast med rekrutteringa til musikk.

På helseutdanningane har vi særskilt gode resultat på dei største programma sjukepleie og vernepleie. Samtidig må vi ha merksemd på at dei tidlegare omtalte rekrutteringsutfordringane på nokre av desse utdanningane på sikt kan få konsekvensar for talet på uteksaminerte kandidatar.

### Praksis og oppgåvesamarbeid med arbeidslivet

Fakulteta og dei ulike utdanningane har svært ulikt utgangspunkt og rom for å kunne auke del praksis i utdanningane. Profesjonsutdanningane har lenge hatt nasjonale krav om at det skal vere ein stor del praksis i studiet, medan andre utdanningar først i seinare år har byrja å fokusere på å innarbeide praksis og andre kontaktpunkt mellom arbeidslivet og studentane. Det vil såleis vere ulikt kor stort potensiale det vil vere for å kunne auke denne delen. Høgskulen har gått litt ned på tal studentar med praksis i 2023, og det har først og fremst med rekrutteringsutfordringar på lærarutdanningane våre og gjere, samtidig som vi har fått fleire studentar på utdanningar utan praksis, som til dømes innan faga økonomi og administrasjon.

Studentoppgåver i samarbeid med arbeidslivet er ofte eit supplement eller erstatning for praksis i studieprogramma, og ein del av satsinga til høgskulen i arbeidet med å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet. Likeins er studentoppgåver i samarbeid med forskargrupper ønska både med tanke på formelle krav om god kopling mellom dei vitskapleg tilsette si forskning og undervisning, og for å gi studentane auka forståing og erfaring med å utføre forskning, utvikle formidlings-evnene og vere medforfattarar på publikasjonar. Ut frå studentane si eigenrapportering ved levering av oppgåver ser vi at det har om lag vore likt tal oppgåver med samarbeid i arbeidslivet og forskargrupper dei to siste åra. Men stadig fleire masterstudentar skriv bedriftsoppgåver eller oppgåver knytt til ulike forskingsgrupper.

Her kan det likevel vere nokre prosjekt som ikkje er med i registreringa, så vi må jobbe for å sikre at flest moglege registrerer dette, i tillegg til å jobbe for at endå fleire utdanningar får dette tilbodet.

## 5. Auka kvalitet i utdanningane

Kvaliteten i utdanningane våre blir sikra gjennom systematisk arbeid med forbetring og vidareutvikling av kvalitet i emne og studieprogram. Vi er avhengig av god organisering og leiing på ulike nivå i utdanningane, og gode kanalar for medverknad, dialog og samarbeid med studentar og arbeidslivet rundt oss. Resultata frå kvalitetsarbeidet skal bidra til god kvalitet i heile studieporteføljen og sikre at høgskulen når samfunnsoppdraget.

### Gjennomstrøyming og fråfall

Tal frå styringsindikatorane i DBH syner at delen studentar som gjennomfører på normert tid på masterutdanningar framleis er under det nasjonale snittet, og har gått endå litt ned frå 2022, til 50,3 %. Ein av grunnane til dette er framleis studentar som tar vidareutdanning i sjukepleie og avsluttar etter oppnådd spesialisering utan å ta mastergraden. Det er også ein del studentar som framleis er i studieløpet men som ikkje har greidd å fullføre på normert tid. Samtidig er det nokre utdanningar som har for høgt fråfall, og vi må oppretthalde innsatsen knytt til gjennomstrøyming på masterutdanningane våre, mellom anna gjennom vidareføring av tilrådingane i rapporten frå internrevisjonen i 2022.

I 2023 har gjennomstrøyminga også gått ned frå 60,9 til 57,8 % på bachelorutdanningane. Sjølv om dette framleis er godt over det nasjonale snittet, er dette ei utvikling vi er langt frå nøgde med. Talet på studentar som har falle frå har auka på alle fakulteta samanlikna med året før. Vi ser også at fråfallet er størst mellom første og andre studieår. Dette tyder på at satsingane og dei ulike tiltaka vi har hatt både på fakultets- og institusjonsnivå for å gi særskilt førsteårsstudentane ein god start, ikkje har vore nok for å redusere fråfall og auke gjennomføringa.

Ut frå tala ser vi at ein betydeleg del studentar både på bachelor og masterutdanningar klarer å fullføre graden ved å nytte seg av ordninga med utvida studierett og få eitt til to semester ekstra utover normert tid. Vi må difor bevare denne fleksibiliteten for heiltidsstudentane våre, samtidig som vi må halde fram med særskilt merksemd for å finne årsaker og gode tiltak for å minke fråfallet og auke gjennomstrøyminga både på bachelor- og masterutdanningane.

## Resultat i student- og kandidatundersøkingar

Både noverande og tidlegare studentar deltek i ulike undersøkingar gjennom studieløpet og etter at dei er blitt ein del av arbeidslivet. Målet med desse undersøkingane er mellom anna å få innsikt i korleis studentar opplever studiekvalitet, arbeidslivsrelevans, læringsutbytte og det psykososiale læringsmiljøet ved høgskulen.

Ved høgskulen var det 37 % av studentane som svarte på Studiebarometeret i 2023. Dette er ein markant nedgang (over 10 prosentpoeng) frå den førre undersøkinga. Mange studieprogram hadde svært låg svarprosent, noko som gjer at det er vanskeleg å bruke resultat frå undersøkinga på studieprogramnivå. Vi må difor jobbe enda meir for å forsøke å auke svarprosenten.

Ved å sjå på utviklinga på dei ulike indeksane på institusjonsnivå ser vi at studentane jamt over er litt meir fornøgde, eller like fornøgde, i år som i fjor. Stort sett ligg tilbakemeldingane frå studentane noko under landssnittet på dei fleste indeksane. Data frå undersøkinga gjev oss eit utgangspunkt for å undersøkje vidare, med bruk av andre kjelder, kva faktorar som påverkar korleis studentane opplever studieprogrammet dei går på, og diskutere ulike tiltak. Resultata i undersøkinga vert drøfta i studieprogramråda på fakultet og tekne opp i studentråda på fakultet og campus. Vidare vert resultata presentert og drøfta i fleire ulike forum på institusjonsnivå, som Utdanningsutvalet, Læringsmiljøutvalet og høgskulestyret.

Indeksar:	2022	2023	Nasjonalt
Alt i alt fornøgd	3,6	3,8	4,0
Eige engasjement	3,4	3,5	3,6
Organisering	3,3	3,3	3,6
Praksis	3,6	3,6	3,7
Psykososialt læringsmiljø	3,6	3,6	3,7
Tilbakemelding og rettleiing	*	3,3	3,3
Tilknytning til arbeidslivet	3,0	3,2	3,2
Undervisning	3,5	3,4	3,6
Vurdering	3,8	3,9	4,0

Tabell 9: Studiebarometeret 2023.  
(\*Rettleiing var ikkje med i 2022-undersøkinga.)  
Grøn = betre enn i fjor, gul= same som i fjor,  
raud = dårlegare enn i fjor

Kandidatundersøkinga er eit samarbeid mellom Saman, UiB, NHH og HVL og blei hausten 2022 sendt ut til kandidatar som to år tidlegare avslutta eit gradgjevande studieprogram. Sistesemesterundersøkinga er ei intern oppfølgingsundersøking ved høgskulen, der spørsmåla er basert på spørsmåla i Studiebarometeret. Når ein samanliknar resultata frå Sistesemesterundersøkinga i 2023 og Kandidatundersøkinga i 2022, ser vi at både noverande og tidlegare studentar i det store og heile er nøgde med opplevingane dei har som studentar og møtet dei har hatt med arbeidslivet, og vi ser også nokre ulikskapar mellom svara frå noverande studentar og dei som har vore i arbeidslivet nokre år. Til dømes er vurderinga av arbeidslivsrelevans i utdanninga høgare i kandidatundersøkinga enn i sistesemesterundersøkinga. Vi ser difor at vi med fordel kan bruke resultata frå kandidatundersøkinga meir aktivt både i rekruttering av nye studentar og i informasjonsarbeidet til noverande studentar for å få betre fram at utdanningane blir opplevd som veldig relevante.

## Studentmobilitet og internasjonalisering i studieprogramma

Studentutvekslinga har tatt seg kraftig opp etter pandemien. I 2023 reiste heile 433 studentar på utvekslingsopphald over to månader<sup>5</sup>, og markerte med det ei kraftig auke samanlikna med både før og etter pandemien. Dette svarer til ei solid auke frå 9% utreisande utvekslingsstudentar av tal uteksaminerte kandidatar i 2022 til nesten 14 % i 2023, men vi er likevel langt frå målet om 30 % studentmobilitet. Fleire tiltak har bidrege til dette resultatet, særleg implementering og vidareutvikling av appen HVL Utveksling. Utvekslingsappen er ei digital løysing som både gir studentane god oversikt over utvekslingsmoglegheiter frå sitt studieprogram, og forenkler utvekslingsprosessen for utreisande utvekslingsstudentar. Høgskulen har òg det siste året hatt auke av innreisande utvekslingsstudentar over to månader, samt tilsettutveksling til Europa. 2022 var eit usikkert år etter pandemien. I 2023 har vi sett ein klar auke i internasjonale praksisopphald, særleg i det Globale Sør. Dette, koplå med ein generell auke i utreisande studentutveksling, førte til ein klar auke i talet studentar med praksis i utlandet over to månader.

<sup>5</sup> I tråd med Utsynsmeldingane vil insentivordningane rundt studentmobilitet fjernast i 2025. HVL har difor valt å telje opphald frå og med 2 månaders varigheit som studentutveksling frå 2023. Dette med bakgrunn i at 2 månader er minste varigheit på ordinær studentutveksling som utløyser stønad frå Erasmus+. Tala i årsrapporten avvik difor frå rapporterte tall i DBH.

Høgskulen har over fleire år hatt særskild merksemd på internasjonalisering heime og arbeid med å sikre ein internasjonal dimensjon i studieprogramma våre. I 2023 blei det for første gong halde eit kurs for fagleg tilsette og studieprogramansvarlege om internasjonalisering, der målet var å gi deltakarane auka kompetanse om korleis implementere internasjonalisering som ein naturleg del i studieprogramma. 15 tilsette deltok på dette første kurset, som fekk gode tilbakemeldingar. Det har og blitt gjennomført fleire Collaborative Online International Learning-prosjekt (COIL) og eit Blended Intensive Program-prosjekt (BIP) i 2023. Begge tiltaka er med på å bidra til å forberede studentar på arbeidslivet. I tillegg til fagleg kompetanse bidreg desse tiltaka til å gi studentane digital og interkulturell kompetanse, samt språk-kompetanse.

På same tid har innføringa av skulepengar redusert delar av studentgrunnlaget for to masterprogram, Climate Change Management (Sogndal) og Brann-sikkerhet (Haugesund). For masterprogrammet i Climate Change Management har dette vore særleg kritisk. Masterstudentane opplever ei nedgang i fagleg utbytte utan perspektiv og erfaringar knytt til klimaendringar som asiatisk og afrikansk studentdeltaking har bidrege med, og det er derfor avgjerande at det blir etablert stipendordningar for internasjonale studentar utanfor Europa. Høgskulen har fått tilslag på fleire søknadar til dei nasjonalt forvalta tiltaka Nordplus og Program for økt studentmobilitet 2023 - Utvalde profesjonsutdanningar. Prosjekta styrkar student- og tilsettmobilitet, nettverksbygging og forskningssamarbeid og bidreg til å byggje interne strukturar for internasjonaliseringsarbeidet i fleire av våre største studieprogram.

Høgskulen har over lang tid hatt solid deltaking i Erasmus+, og no ser vi også ei auke i søknadar og til-delingar innanfor dei store sentraliserte tiltaka. I tillegg til god deltaking innanfor Samarbeidspartnerskap, fekk høgskulen tilslag på sentraliserte søknadar både innanfor Center of Vocational Excellence (H2CoVE) og fellesgrad innan Master in Health Equity (Erasmus+ Mundus Design Measures) i 2023. Målet med sistnemnde er å utvikle eit felles, internasjonalt masterprogram innanfor global helse og rehabilitering, og byggjer såleis opp om inkludering og berekraftig samfunnsutvikling, som er viktige område for høgskulen. Høgskulen deltok også i konsortiet ERASMove - European Alliance on Sustainable Mobility om ein søknad til Europeiske Universitet saman med utvalde partnerar i Europa. Det blir arbeidd med ein ny søknad til Europeiske

Universitet våren 2024: ARTEMIS - European Alliance on Regional Development.

### Studentengasjement og læringsmiljø


Etter pandemien var studentengasjementet kritisk lågt. I studieåret 2022-2023 fokuserte høgskulen på å auke studentengasjementet, mellom anna gjennom eit eige prosjekt som hadde som mål å auke studentaktivitet og -engasjement gjennom tilrettelegging, oppfølging og samarbeid med studentane. Fokusområda inkluderte å skape arenaer for samarbeid og kontakt mellom studentorganisasjonane og studentforeiningar og auke samarbeidet med desse og høgskulen og studentsamskipnaden. I perioden har vi sett ei auke i medlemstal, oppstart av nye linjeforeiningar og fylte styreposisjonar ved val/generalforsamlingar. Sidan studentengasjement er ein nøkkelfaktor som påverkar mange viktige delar av høgskolen, vil vi halde fram med å ha fokus på utvikling på området, mellom anna gjennom ei trainee-stilling dedikert til dette i studieåret 2023-2024.

Høgskulen jobbar målretta med studiestarten og mottak av nye studentar i august. Samarbeidet med studentsamskipnaden og studentane er viktig her, og vi jobbar med å ha eit godt samarbeid gjennom heile studieåret med dei ulike involverte i læringsmiljøet, via det såkalla «trepartssamarbeidet». Vi har også arbeidd for å gjere tilbodet om studie- og karriererettleiing meir kjent og lettare tilgjengeleg for studentane, mellom anna med felles bookingtilbod på campus Bergen. Høgskulen var med på å arrangere seminar med Kompetansenettverk for studenters suksess i høgare utdanning på campus Bergen i juni. Temaet var studentens studieløp, og deltakarane jobba med ei analyse av startstudenten, mellomstudenten og sluttstudenten, representert med HVL-studentar. Her fekk både HVL-tilsette og andre i UH-sektoren godt fagleg påfyll og moglegheiter til å jobbe vidare med å legge til rette for studentane. Studentareala på campus er sentrale når det kjem til trivsel og læringsmiljø, og studentareala på høgskulen sine fem campus har alle fått oppgraderingar og justeringar i 2023. Her har det vore viktig å finne fram til dei gode løysingane saman med studentane på kvar einskild campus. Særskilt biblioteka er viktige arenaer, både med tanke på arbeids- og lesesalplassar, tilbod om rettleiing og organisering av ulike arrangement knytt til studieteknikk, referansebruk og skriveverkstadar. Til dømes arrangerte biblioteket skrivefestival i mars og november, der alle biblioteka gjennom ei heil veke hadde tverrfaglege tilbod som føredrag, rettleiingar og andre arrangement med fokus på skriving.



Høgskulen har sidan hausten 2022 arbeidd med tiltak for å forbetre det digitale læringsmiljøet, knytt til Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø. Arbeidet med universell utforming av IKT fokuserer på å oppfylle lovkrav, implementere brukarvenlege og tilgjengelege løysingar, og byggje kompetanse blant tilsette. Vi har gjennomført digitale kurs og laga ei intern nettside med støttemateriale for tilsette med systemansvar som skal teste tilgjengelegheita for HVL sine nettløysingar, og utfylle dei lovfesta tilgjengelegheitserklæringane. I høgskulens læringsplattform, Canvas, er det innført programvare som hjelper undervisarane med å evaluere og forbetre tilgjengelegheita av innhaldet. Same programvare let studentane laste ned innhaldet i det formatet som best støttar deira læringsbehov. Det er utfordringar med å nå ut med kunnskapen til alle, men vi ser samtidig auka bevisstheit rundt universell utforming, og arbeider med å forankre dette i overordna styringsdokument.

Kunstig intelligens og språkmodellar som ChatGPT påverkar alle våre utdanningar, både studentar, undervisarar og administrativ støtte. Høgskulen tok i 2023 grep om utviklinga av kunstig intelligens (KI) i utdanningane. Vi har samla våre ressursar og kompetanse slik at vi saman bidreg til at KI vert inkludert i utdanning på innovative og pedagogisk effektive måtar. Vi har sett ned ei koordineringsgruppe for KI som gir råd om utfordringane knytt til KI og som sikrar at systema som høgskulen tar i bruk er utvikla i tråd med våre verdier. Studentane er inkludert i gruppa. Vi forskar på KI og hausten 2023 blei det utført ei undersøking blant 2.800 studentar om bruken av KI-chatbotar. Høgskulen har også utvikla eit kurs til alle tilsette om kunstig intelligens i utdanning.



I 2023 fekk ni tilsette status som meritterte undervisarar. Per Eilif Thorvaldsen, Marcin Andrzej Fojcik, Djenana Jalovcic, Lars Kyte, Atle Hole Sæterbakken, Silje Valde Onsrud, Øyvind Glosvik, Gro Ulland og Kari Håvåg Voldsund

Merittering av undervisarar er ei ordning for å løfte fram gode undervisarar som har ein velgrunna pedagogisk filosofi og jobbar systematisk, vitskapeleg og i samarbeid med kollegaer om å utvikle kvalitet i utdanningane. Målet med ordninga er å stimulere til auka undervisningskvalitet og å gi utdanningsfagleg kompetanse auka status. I 2023 fekk vi ni nye meritterte undervisarar. Dette inngår i vårt pedagogiske akademi og bidreg til å dele og inspirere i kring arbeidet med utdanningskvalitet.

## 6. Meir fleksibilitet i studietilbodet

Universitet og høgskular skal prioritere livslang læring og fleksible og desentraliserte tilbod slik at utdanning og kompetanseheving blir tilgjengeleg uavhengig av livssituasjon og kor ein bur. Høgskulen har sett i verk fleire tiltak knytt til dette. Dette inneber å tilby studieprogram på deltid, nett- og samlingsbasert både på bachelor- og masternivå. Det er også moglegheit til å ta enkeltemne som kan innpassast og godkjenne tidlegare fullførte vidareutdanningar i helse og sosialfaglege masterprogram. Målet er å nå nye målgrupper og utvide søkjargrunnlaget, og å tilby studium på fleire campus. Dette har vore ressurskrevjande utviklingsarbeid, samtidig som vi har fått etablert både kompetanse og struktur som vi no kan byggje vidare på og halde fram med å utvikle nye studiemodellar og fleksibel undervisning og organisering i tråd med etterspurnaden. Vår digitale ambisjon “Klok digitalisering” har dette som eit kjernepunkt.

Dei siste åra har Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett hatt ei satsing på å gjere om masterprogram på heiltid med undervisning på campus til samlings- og nettbaserte masterprogram på tvers av campus, der studentane kan velje deltid eller heiltid. Målet har vore å profilere dette ovanfor potensielle studentar som arbeider i utdanningsinstitusjonar som lærarar eller i andre roller, og legge til rette for at studentar som allereie er i jobb skal få eit tilbod nærare der dei bur. Samstundes er det gjort eit omfattande arbeid for å sikre at relevante vidareutdanningar kan bli godkjende som ein del av masterutdanningane.

Innan ingeniør- og teknologiutdanningane har det blitt satsa på å etablere fleire masterprogram og utvikle meir fleksible studieløp. Fakultetet gjer òg omfordeling av studieplassar internt før utlysing av studietilbod. Interesse frå søkjarane til dei ulike ingeniørutdanningane varierer med konjunkturane i sektoren. Vi har hatt gode søkartal til bachelor i økonomi- og administrasjon,




og interessa for å studere økonomifag har vore, og er framleis, stor både nasjonalt og ved høgskulen. Gitt dei positive erfaringane med auke i søkjartal på dei nettbaserte programma innan historie, og sviktande rekruttering i studietilbod som blir tilbode på campus, har ein gjennomført same grep på fleire studieprogram. Frå studieåret 2024/25 vil Bachelor i historie, Bachelor i sosiologi og årsstudia i historie, sosiologi og samfunnsvitenskap berre bli tilbydt som nettbaserte studium. Sjølv med dei omtalte endringane i studieporteføljen dei siste åra, ser vi i at den store hovudmengda av høgskulen

sine studieprogram, og dermed studentar, er registrert som campus-studentar, det vil seie at undervisninga hovudsakleg føregår på institusjonen. I løpet av det siste året har delen av studentar som deltek i nettbaserte studieprogram (heiltid og deltid) auka frå 9,3 % i 2022 til 11,5 % i 2023 medan delen av studentar som deltek i undervisning ved institusjonen på heiltid har gått ned frå 71,3 % til 68,3 %. Totalt sett har delen av studentar på ”fleksible” studieprogram auka frå 28 % til 31 %.

År	2020	2021	2022	2023
Desentralisert undervisning	350	297	204	188
Nettbasert undervisning	577	1 427	1 565	1 891
Undervisning ved institusjonen	15 315	15 856	15 040	14 404
Deltidsstudentar*	4048	5134	4 712	5 111

Tabell 10: Utvikling tal studentar ulike undervisningsformer. Kjelde: DBH/FS/Tableau

Når det gjeld vurderingsformer, er skriftleg skuleeksamen framleis den mest brukte vurderingsforma. Under pandemien såg vi ein markant nedgang her. Bruken av skriftleg skuleeksamen har auka litt frå 2022 til 2023, men vi ser ein mykje større variasjon i bruk av ulike typar vurderingsformer enn det som var tilfelle før pandemien. Her er det ein del faglege ulikskapar, der særskilt ingeniør- og økonomifag har større del skuleeksamen enn andre.



Figur 4: Del eksamenskandidatar med ulike vurderingsformer i 2023 (Kjelde: Tableau)

### Mål 3. HVL er ein samskapande høgskule med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle.

I tråd med verksemdstrategien (2023-2030) jobbar høgskulen kontinuerleg med å utnytte potensialet som ligg i at vi er til stades i heile regionen, og styrke rolla vår i den regionale utviklinga. I samskapinga med samfunns- og arbeidslivet tek vi ei leiande rolle, og ved å utøve forskning og utdanning av høg internasjonal kvalitet er vi ein sterk brubyggjar og føretrakt samarbeidspartnar. Vi utviklar fleircampusinstitusjonen og hentar ut gevinstar av samarbeid på kvar campus og på tvers av fleire campusar. Vi jobbar med å styrke alle campusane våre som attraktive arbeids- og studiestader kjenneteikna av mangfald, høgt fagleg nivå og kultur for samskaping og læring.

I utviklingsavtalen med KD er det definert tre styringsparameter under aktuelt mål. Desse er:

7. Gjennomføring av tiltak for campusutvikling, og realisering av gevinstar.
8. Auka omfang av samskaping mellom fagmiljø og med regionen.
9. Arbeidsmiljøet fremjar mangfald, inkludering, trivsel, openheit og samarbeid.

\* Deltidsstudentane fordeler seg på både desentralisert, nettbasert og undervisning ved institusjonen.

## 7. Tiltak for campusutvikling og realisering av gevinstar

I perioden 2020-2022 blei det ved høgskulen gjennomført eit campusutviklingsprosjekt som hadde som hovudføremål å gjere høgskulen endå meir attraktiv som studiestad, og styrke samarbeidet med arbeidslivet. Prosjektet avdekkja behov for å samordna det faglege arbeidet på campusane. Som ein konsekvens av dette har ein oppretta campusmøte på kvart campus. Campusmøta er rådgjevande organ for høgskulen si toppleiiing. Det skal vere ein koordineringsarena for faglege aktivitetar i fakulteta og eksternt samhandling. Kvart campusmøte prioriterte i løpet av året felles faglege satsing for campusen. Ordninga med campusmøte blei evaluert på slutten av året. Det vil bli gjort justeringar i mandatet for å utløyse potensialet som ligg i felles satsingar på campus og for å tilpasse ny organisering av fakulteta.

Dei siste åra har det vore aukande aktivitet på campusane med konferansar, seminar og andre arrangement med utgangspunkt i eigne fag- og forskingsmiljø. Kurs- og arrangementsteamet bidrog dette året til 90 større arrangement med eksternt profil, stort sett med eksterne deltakarar og medarrangørar. I tillegg gjennomførte fakulteta og andre einingar ei rekke større og mindre arrangement. Studentorganisasjonar var òg medarrangørar i enkelte arrangement som hadde styrking av tilknytninga til arbeidslivet som føremål. Eit døme på dette var tre paneldebattar som HVL og studentorganisasjonar på FLKI arrangerte. Deltakarane var frå dei politiske partia som stilte til val i kommunane der høgskulen har lærarutdanningar.

Mange arrangement blir planlagt og skjer på alle campusane. Det gjeld til dømes sirkulærdagane der høgskulen saman med eksterne samarbeidspartnarar rettar fokus mot ein meir klimasmart og miljøvennleg kvardag. 2023 var første året alle campusane var med. Eit anna tiltak for levande campus er både å tilby og utvikle kulturopplevingar. Småspill, eit samarbeid mellom Festspillene i Bergen og høgskulen, blei gjennomført for tredje år i Bergen, Stord og Sogndal. Dette er eit forskings- og kompetanseutviklingsprosjekt der studentar og lærarar i fleire fagfelt utviklar prosjekt i fellesskap. Skular og barnehagar blei invitert inn, og enkelte arrangement var òg opne for barnefamiljar.

Samtidsdagane på campus Stord har sidan 2009 blitt arrangert som ein årleg møtestad og arena for kunnskap og refleksjon over samtida, for heile Vestlandet. Tematikken i 2023 var psykisk helse og FN sine berekraftsmål. Dette er viktige tema både for studentar og fagmiljø på campus, tema som samstundes pregar det offentlege ordskiftet.

I Sogndal har studentane ved linjeforeiningane på eigdomsmekling og økonomi og administrasjon etablert ein næringslivskonferanse i samarbeid med eksterne bedrifter, sponsorar, organisasjonar og høgskulen. Årets tema var “Er verda klar for det grønne skiftet, og kven tek rekninga?”, og ekspertane som deltok gav studentane verdifull innsikt i bransjen.



Fullt hus på studentdriven næringslivskonferanse i Sogndal


Internasjonal dag blei arrangert for første gang i 2022, og etablert som årleg arrangement i 2023. I tillegg til å fokusere på studentutveksling til Europa og Erasmus+, blei Internasjonal dag brukt til å invitere gjester frå partnerinstitusjonar. Alle fagmiljø ved høgskulen blei oppfordra til å invitere gode, relevante partnarar.

Global Lounge er etablert som ein møtestad på alle campusane, der studentassistentar har ansvar for å gjennomføre aktivitetar som skal trekke både norske og internasjonale studentar. I løpet av 2023 blei det gjennomført eit variert spekter av arrangement, frå sosiale aktivitetar som graskarskjering til meir berekraftsorienterte aktivitetar som strandrydding.

Biblioteka på alle campusane har i 2023 arrangert ei rekke faglunsjar, boklanseringar, utstillingar og anna forskingsformidling i samarbeid med fakulteta. Dette har vore gode arenaer for formidling på tvers av fagmiljøa på campus, og er arrangement som både studentar, tilsette og i nokon grad også eksterne deltek på. Forskingsdagane blei også markert med føredrag og utstillingar på biblioteka.

## Studentar og tilsette

Ein indikator på campusutvikling kan vere utvikling i tal studentar. Dei tre siste åra har campus Haugesund hatt stigande og Bergen stabile studenttal, medan Førde, Sogndal og Stord har hatt reduksjon. Hovudårsaka til lågare studenttal er at det er vesentleg færre søkjarar til utdanningar som tidlegare har hatt mange studentar, særleg lærarutdanningane og sjukepleie. Endringane i søkjartal følgjer nasjonale trendar som har vist seg vanskeleg å motverke trass målretta arbeid.



Figur 5: Tal studentar pr. campus, haustsemesteret. Kjelde: DBH

I høgskulen samarbeider tilsette i stor grad på tvers av campusane, så aktivitet på éin campus kan vere utført eller utløyst av tilsette på ein annan campus. Tilsette på staden er likevel ein faktor i “levande campus”, både som innsatsfaktor og resultat. Talet på årsverk dei to siste åra har vore relativt stabilt på alle campusane bortsett frå i Haugesund, der det var ein auke på knapt åtte prosent. Saman med aukande studenttal viser dette ein campus med god utvikling.

Campus	2022	2023
Bergen	1 151	1 173
Førde	88	87
Haugesund	179	193
Sogndal	344	348
Stord	171	166
<b>Totalt</b>	<b>1 933</b>	<b>1 967</b>

Tabell 11: Tilsette – årsverk pr campus. Kjelde: SAP

## Realisering av gevinstar

Undervisning på tvers av campusane er ein del av samskapinga som byggjer opp om levande campus og som samtidig bidreg til å realisere gevinstar. Slik kan vi ha

breiare studietilbod på fleire campus, som igjen fører til fleire studentar og større mangfald på campusane. Det er mange ulike modellar for dette, og alle fakulteta utnyttar synergien som ligg i å bruke fagressursar frå fleire campusar. Ei rekke studieprogram er like på tvers av campusane, gjerne òg med same undervisningsopplegg og eksamen. Det gjeld studieprogram på alle fakulteta.

Fleire av teknologi- og ingeniørutdanningane er fullt ut samordna på tvers av campus, som Bachelor i ingeniørfag, bygg (campus Bergen og Førde), Bachelor i informasjonsteknologi (campus Bergen, Førde og Haugesund) og Bachelor ingeniørfag, elektroteknologi (campus Bergen, Førde og Haugesund). Undervisninga i tekniske emne er ofte samkøyrte mellom campusane med felles digital undervisning.

På ein skilde studium underviser dei same faglærarane i dei same emna på ulike campusar, det gjeld til dømes Master of Science in Business og Master i organisasjon og leiing. Nokre studium er organisert på ein campus, medan undervisningsressursar kjem frå andre campusar. Døme på dette er Tolking i offentleg sektor, andrespråkspedagogikk, grunnleggjande lese-, skrive- og matematikkopplæring og fleire av kursa som inngår i kompetanse for kvalitet. Dei fire samlings- og nettbaserte masterstudia på Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har samlingar knytt til ulike campusar ut frå kva emne som blir undervist, og fagtilsette har rettleiingsoppgåver på tvers av campusane.

Eit anna døme er det som blir kalla Vestlandsklasse, som er ei samlings- og/eller nettbasert organisering med campustilknytning ut frå kva fag/emne studenten vel. Vestlandsklasse-organiseringa er obligatorisk for alle grunnskulelærarutdanningane sitt femte semester. I den samlingsbasert Grunnskulelærarutdanning 1.-7. trinn byter studentane campus mellom første og andre studieår. Studentane får tildelt campus ut frå fagfordjuping, og har denne campustilknytninga gjennom heile syklus 2. Ei slik organisering stiller krav til godt samarbeid på tvers, både fagleg og administrativt.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap har satsa aktivt på fleksible utdanningsløp både på bachelor- og masternivå. Delen deltidstilbod er auka og samtidig er fleire masterutdanningar, også heiltidsstudium, organisert som samlingsbaserte utdanningar der studentane møtast på campus og med digital oppfølging mellom samlingane. Desse utdanningsmodellane har også ført til at nokre utdanningar kan knytast til fleire campus



samstundes, og på den måten blir fagmiljøet nytta på tvers og studentane har moglegheit til å kunne studere i nærleiken av der dei bur. Til dømes gjeld dette master i avansert klinisk allmennsjukepleie som er ei ny nasjonalt styrt masterutdanning som skal sikre sjukepleiekompetanse på høgare nivå i kommunane. FHS har fleire deltidstilbod i sjukepleie og vernepleie, men dessverre er karakterkravet i sjukepleieutdanninga til hinder for dei søkjarane som har tatt vidaregåande utdanning ei tid tilbake.

Det finst òg enkeltemne på tvers av fakultet, som Danning og akademisk handverk (7,5 studiepoeng), eit fellesemne for alle bachelorprogramma i innan helse- og sosialvitskap, bioingeniør og nokre program innan barnehage- og lærarutdanninga. Her er det utvikla felles læringsressursar og det er noko fellesundervisning.

## 8. Auka omfang av samskaping mellom fagmiljø og med regionen

### Samskaping mellom fagmiljø

Undervisning på tvers av campusane som er omtalt over, kan òg innebere samskaping mellom fagmiljø. I prosjektet Samskaping for eit berekraftig Sogn, finansiert frå HK-direktoratet, samskaper ein internt i høgskulen, samstundes som prosjektet tematiserer samskappingsrolla i regionen. Alle fakulteta har saman med lokale, regionale og nasjonale partnerar utvikla emnet Samskaping og innovasjon for berekraftig utvikling. Der arbeider studentane frå ulike verksemdar saman for å finne løysingar på reelle problemstillingar meldt inn frå næringsliv, kommunar og frivillige organisasjonar.

Høgskulen har delteke aktivt i eksternfinansierte prosjekt knytt til forskings- og utdanningsamarbeid dei siste åra. Særleg gledeleg er det at svært mange av desse inkluderer samarbeid med arbeidsliv, både nasjonalt og internasjonalt. Eit døme på dette er EU-prosjektet H<sub>2</sub>CoVE (2024-2029), der vi samarbeider med Vestland fylkeskommune og regionale partnerar, samt fleire europeiske partnerar frå ulike sektorar. Målet med samarbeidet er å utstyre den europeiske arbeidsstyrken med naudsynt yrkeskompetanse i ein framveksande marknad for hydrogenøkonomi, og byggje lokale økosystem for dette i tett samarbeid med næringslivet.

### Regionalt samarbeid

Samhandlinga mellom høgskulen og regionen har mange former. Grunnskulestudentar som overtek skular er ei av desse, og i Bergen fekk 48 studentar styre Christi Krybbe skoler i to dagar som del av utdanninga si.



Studentrektor Maria er smilande og sjølvssikker i rolla, og gler seg til å ønske elevane velkommen til to litt annleise skuledagar.

Ei anna form for samhandling står høgskulen sine senter bak. BARN-kunne – Senter for barnehageforskning inviterte Kunnskapsdepartementet til strategisk samtaleforum, der ein diskuterte utviklinga av barnehagen og grunnskulen sitt innhald og miljø. Diskusjonane kom innom tema som pedagogisk leiing, kulturelt mangfald, leik og utforsking, forskarskolen NORBARN og berekraftig utdanning.

Senter for sjøsikkerheit er ein arena for samhandling mellom academia, maritimt næringsliv og maritime styresmakter. Målet er å bidra til å dekke kompetansesgapet i den grønne og digitale omstillinga. Det siste året har senteret utvikla prosjekt saman med ei rekke ulike fagmiljø, og havvind har vore sentralt tema både i samhandling og prosjektutvikling.



I januar 2023 heldt Senter for sjøsikkerheit maritim fagdagar saman med Sjøfartsdirektoratet ved campus Haugesund

Senter for omsorgsforskning, vest forskar på vilkår og utvikling av velferdstenester, med fokus på den kommunale helse- og omsorgssektoren. Senteret si forskning gir kunnskap om og for tenestene i eit samanliknande perspektiv, både lokalt og internasjonalt.

Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling arbeidar med å kople næringsliv og industri tettare til forskings- og utdanningsinstitusjonar gjennom m.a. felles prosjekt. Tilsvarende er det samarbeid med kommunar og fylkeskommune for å identifisere behov for forskning og utvikling. Senteret driv og forskingsbasert rådgiving retta mot dei same aktørane.



I Førde er høgskulen tungt inne i samarbeidsprosjektet «Campus Vie» - eit prosjekt eigd av Helse Førde.

Sunnfjord kommune og Universitet i Bergen er også aktive deltakarar. Prosjektet fokuserer på felles kompetanseutvikling og sambruk av ressursar, og satsinga på Vestlandslegan står sentralt. Elles er Campus Verftet viktig lab-infrastruktur i Førde, og blir nytta i undervisning på utdanningane innan automatisering i robotikk, elkraft, bygg og informasjonsteknologi. Selskapet vil i 2024 vurdere omstrukturering på eigarsida og ei større forankring i næringsliv og industri i regionen. Høgskulen er medlem i kompetanseforum for Vestland og Rogaland, og i regionane rundt campusane. Kompetanseforum kartlegg årleg kompetansebehovet i arbeidslivet, som ein del av datagrunnlaget for høgskulen sitt arbeid med studieporteføljeutvikling.

Det er etablert studiesenter ei rekke stader i landet for å leggje til rette for desentralisert utdanning. Høgskulen har inngått samarbeidsavtalar med studiesenter i Ryfylke, Hallingdal (Geilo), Nordfjord, Voss-Hardanger-Kvinnherad og “Kysten” (kommunar i Sogn og Fjordane). I Ryfylke er det i gang studietilbod for havbruksnæringa, og på Geilo tilbod innan digital marknadsføring og kommunikasjon.

På slutten av året blei det lansert ein ny jobbportal for studentane og kandidatane frå høgskulen. Her kan verksemdar annonsere traineestillingar, deltidsjobbar og frivillig arbeid for studentar, og heiltidsjobbar for nyutdanna kandidatar. I Førde har ein i fleire år hatt tilbodet Studentjobb, der studentar på teknologiutdanningane har fått deltidsjobb under utdanninga. Tilbodet er no utvida til Haugesund.

## 9. Arbeidsmiljøet fremjar mangfald, inkludering, trivsel, openheit og samarbeid

Medråderett etter hovudavtalen skal bli ivarettatt gjennom formelle møtepunkt mellom arbeidsgjevar og organisasjonane sine tillitsvalde. Hausten 2023 har ei partssamansett arbeidsgruppe utarbeidd ein ny

tilpassingsavtale for høgskulen som er gjeldande frå 1. januar 2024. Endringane i avtalen er særskilt retta mot behovet for å styrke medråderett og medverknad. I 2023 har partssamarbeidet også arbeidd med etableringa av eit nytt fakultet. Det nye fakultetet; Fakultet for Teknologi, miljø og samfunnsvitskap (FTMS), er ei samanslåing av to tidlegare fakultet.

Eit viktig moment for arbeidsmiljøet er at nytilsette føler seg godt ivaretekne og følgt opp. HVL har eit digitalt opplæringsprogram for alle nytilsette. Kurset inneheld ulike delar som er relevante for den nytilsette sin arbeidskvardag. Kurset finst i norsk og engelsk versjon. I 2023 har høgskulen utvikla ei nettside for tilsette frå utlandet. Her blir det gitt informasjon om praktiske forhold som den tilsette må ta omsyn til før dei kjem til Noreg, og den første tida i Noreg. Vidare blir det gitt informasjon om dei ulike campusane med tilhøyrande lokalsamfunn.

Høgskulen har rutinar for førebygging, tilrettelegging og oppfølging av sjukefråvær. Sjukefråværet auka noko frå 2022 (5,08%) til 2023 (5,58%), men er ikkje på eit nivå der det er behov for å setje inn tiltak utover eksisterande rutinar. Det er næraste leiar som har ansvar for oppfølging av sjukmeldte i tråd med rutineane, og det blir gitt opplæring og leiarstøtte i sjukefråværsarbeidet. Arbeidsmiljøutvalet blir jamleg orientert om sjukefråværet.

I 2023 har høgskulen vedteke retningslinjer - rusmiddelbruk og speleavhengnad. Intensjonen med retningslinjene er å bidra til å førebygge rus- og speleavhengnad, vareta eit godt arbeidsmiljø og gi tilsette tilbod om hjelp før andre reaksjonar eventuelt blir sett i verk.

Høgskulen ønskjer betre oversikt på turnover enn det vi har i dag. Førebels har vi ikkje datamateriale som kan seie noko om dette. Ulike moglege løysingar er vurdert.

Det har over tid vore fokus på å redusere tal midlertidige stillingar, og utviklinga går i riktig retning.

Del midlertidige tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	2019	2020	2021	2022	2023	Gjennomsnitt statlege institusjonar 2023
	11,9 %	10,04 %	12,66 %	11,66 %	8,6 %	11,05 %

Tabell 12: Midlertidig tilsette. Kjelde: DBH

Årsaker til midlertidige tilsetninger er mellom anna at det på nokre fagområde har vore vanskeleg å rekruttere kvalifiserte søkjarar med førstekompetanse og vi har då valt å tilsetje midlertidig i stillingskodane høgskulelærar og høgskulelektor. Vidare er det eit generasjonsskifte på nokre fagområde. Høgskulen har satsa på interne kompetansehevingstipend kor tilsette får ekstra FOU-tid for å kvalifisere seg til opprykk til første- og toppstillingar. Dette har gitt behov for å dekkje opp nødvendige

undervisningsoppgåver ved fakulteta med midlertidig tilsette. I tillegg til fokus på å redusere tal midlertidige stillingar, har lågare søkjartal til studium, særleg innan helse- og sosialfag og lærarutdanning, gitt mindre behov for å tilsette midlertidig.

### 3. Rapportering på indikatorar som oppfølging av strukturreforma

Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet – Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren la grunnlaget for ein omfattande reform i UH-sektoren. Bakgrunnen var små, sårbare fagmiljø, spreidde og små utdannings-tilbod, samla låg deltaking på internasjonale arenaer for konkurransebasert finansiering og lite internasjonal publisering. Regjeringa ønska å samle ressursane på færre, men sterkare institusjonar, med tydelege faglege profilar, men behalde mangfaldet i sektoren.

Med utgangspunkt i dette fastsette regjeringa seks mål med tilhøyrande indikatorar, og høgskulen er bedt om å rapportere på måla og indikatorane i tabellen under. Desse måla og indikatorane er i stor grad overlappande med mål og parameter omtalt tidlegare i kapittel III. Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma blir derfor ikkje omtalt utover resultattabellen under.

Mål og indikatorar	Resultat		Måltal
	2018	2023	2025
1. Utdanning og forskning av høg kvalitet			
Vitskapleg publisering: publikasjonspoeng per faglege årsverk*	0,5		1,0
Tildeling frå NFR per faglege årsverk (1 000 kr)	42	68,85	75
Tildeling frå EU per faglege årsverk (1 000 kr)	3	14,94	12
Del årsverk i førstestillingar av faglege tilsette (%)	53	63	65
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (skala 1-5)	3,9	3,8	4,2
Tal avlagte doktorgrader	0	12	35
3. God tilgang til utdanning og kompetanse over hele landet			
Tal studentar på nettbaserte og desentraliserte utdanningar	790	2 080	950
4. Regional utvikling			
Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per faglege årsverk (1 000 kr)	94	166	130
5. Verdsleiande fagmiljø			
Del internasjonalt samforfattarskap (%)**	46		50
6. Effektiv ressursbruk			
Del administrative stillingar av totalt tal årsverk (%)	21	24	20

Tabell 13: Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma.

Kjelder: DBH, HVI. årsrekneskap

\* Resultat 2023 blir publisert i april 2024. Resultat 2022 var 0,74. Sjå omtale i kapittel III.

\*\* Resultat 2023 blir publisert i april 2024. Resultat 2022 var 56%. Sjå omtale i kapittel III.

## Rapportering på samfunns- og effektmål for byggjeprojekt

Høgskulen har ingen pågåande større byggje- eller rehabiliteringsprosjekt, men eit nytt kurantbygg er under planlegging på campus Haugesund. På alle fem campus er det gjennomført mindre byggjeprojekt med tanke på å betre funksjonalitet, arealutnytting og trivsel i eksisterande bygg. Dette gjeld både for undervisningsrom, sosialsoner/kantine og arbeidsplassareal. Eit resultat av desse tiltaka er at det våren 2024 vil bli fasa ut to leigekontraktar ved Campus Bergen på totalt 2 874m<sup>2</sup>. I det vidare arbeidet er det ei målsetting å redusere tal leigekontraktar høgskulen har med private aktørar på alle campus.

Samanlikna med andre institusjonar i sektoren har høgskulen totalt sett ei relativt god arealutnytting. Med eit forholdstal på 7,8m<sup>2</sup> per student plasserer høgskulen seg litt under gjennomsnittet (DBH-tal), men det er store forskjellar mellom campusane, der for eksempel campus Bergen med nye funksjonelle bygg har eit mykje lågare forholdstal enn campusar med gammal bygningsmasse som for eksempel Stord.

## Rapportering på midlar tildelt over andre budsjettkapittel

### Ordinært tildelingsbrev (2023) kap. 231, post 21. KD tildelte 6 200 000 kr til å styrke barnehagelæruddanninga.

Dei tildelte ekstramidlane på 6,2 mill. er brukt til å styrke utdanninga slik at den har høg kvalitet, er godt forankra i forskning og nært knytt til praksisfeltet. Det blei tildelt midlar til tre ulike grupper for å utvikle utdanninga til den tverrfaglege og krevjande utdanninga som forskrifta for rammeplanen for barnehagelæruddanninga krev.

Midlar er nytta til forskargrupper for å styrke samskaping mellom forskning, utdanning og praksis og til faglærarar frå fire ulike institutt for å styrke og utvikle dei ulike kunnskapsområda. Studieprogramleiargruppa er tildelt midlar som er brukt til å samle fagmiljøet på tvers av campus for å arbeide med revidering av innhald i studieprogramma, til å utvikle eit digitalt skrive- og lese-seminar for studentar som ikkje har norsk som morsmål, samt å utvikle og evaluere bachelorarbeidet i utdanninga.

Midlane har mellom anna resultert i emneplanrevideringar, endring av undervisningsformer, fagseminar på tvers av campus, både mellom faglærarar og med samarbeidspartnarar for praksis, ulike rapportar, nytt undervisningsmaterieil i form av videoar og filmar bruk til intern opplæring, og til innkjøp av materieil brukt med studentar og praksislærarar.

### Ordinært tildelingsbrev (2023) kap. 275, post 21. KD tildelte 9 110 000 kr til utvikling og drift av partnerskap i lærarutdanningane.

Høgskulen på Vestlandet legg stor vekt på å utvikle kvalitet i lærarutdanningane slik som den nasjonale strategien for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane, Lærarutdanning 2025, legg opp til. Eit hovudmål er å styrke relevansen når det gjeld forskingsbasert utdanning gjennom å knyte lærarutdanningane sterkare til praksisfeltet. Dette skjer mellom anna ved at representantar frå skular og barnehagar bidreg inn i undervisninga ved høgskulen, og at campuslærarar hospiterer i barnehagar og skular. Eit sentralt organisatorisk grep har vore å opprette ei ordning med lærarutdannings-skular og -barnehagar.

Oppretting og utvikling av lærarutdannings-skular og -barnehagar starta opp som eit 4-årig pilotprosjekt (2020-2024). Hausten 2020 blei det inngått partnerskap med 6 grunnskular i nærregionane til studiestadane i Bergen, Stord og Sogndal. Frå hausten 2021 blei også 4 barnehagar med i piloten. I løpet av dei fire åra i pilotprosjektet er det arbeidd med å få til god kommunikasjon og ei god organisering av partnerskapet, samt etablere og komme i gang med forskings- og utviklings-samarbeid. Pilot-prosjektet er no i ein fase der ein skal førebu prosjektet på ei oppskalering.

Midlane som er tildelt går med til å lønne prosjektlei- ar og til samarbeid med lærarutdannings-skular og -barnehagar, samt kompetanseheving. Ved å frikjøpe personale i barnehagar og skular i ca. 20% stilling, får dei ressursar til å arbeide med partnerskapet. Barnehagane får i tillegg midlar til frikjøp av personale.

For å ta vare på forskings- og utviklingssamarbeidet, er det tilsett FOU-kontaktar. Dette er faglærarar på HVL som er frikjøpte for å bygge forskings- og utviklingskul- tur i den enkelte skule og barnehage og til å vere kon- taktperson inn mot forskingsmiljøa på HVL. Andre som har fått stimuleringsmidlar er forskargrupper på HVL for forskings- og utviklingssamarbeid med skular og barnehagar. Prosjektet prioriterer også kompetanse-

heving i lærarutdanningsskular og -barnehagar der det er sett av midlar internt til rettleiarutdanning. Det er også gitt stimuleringsmidlar til lærarutdanningsskular og -barnehagar som har kombinerte stillingar/delt stilling på HVL.

Noko av tildelinga står førebels ubrukt, men det heng saman med at fakultetet har som mål at alle studentar i grunnskule- og barnehagelærarutdanninga skal ha praksis i ein lærarutdanningsskule eller -barnehage i løpet av studietida. For å oppnå dette skal lærarutdanningsskule og -barnehageordninga frå og med hausten 2024 bli skalert opp til å gjelde samarbeid med fleire grunnskular og barnehagar. Ordninga skal då bli ein del av den ordinære verksemda i fakultetet.

**Ordinært tildelingsbrev (2023) kap. 275, post 21. KD tildelte 1 500 000 kr til lærarutdanning i praktiske og estetiske fag (LUPE).**

Midlane er nytta til fellessamlingar for LUPE si utdanningssleing og fagtilsette der fokuset har vore på samarbeid og dialog på tvers av studieretningar og institutt. Ein tiltaksplan er utarbeidd og arbeidet blir vidareført i 2024.

Det er kjøpt inn måleutstyr, ski, digitale lisensar/verktøy og bygt opp utlånslager m.m. Fagtilsette har fått midlar til å utvikle innhald i studie- og emneplanar for årsei- ning kroppøving/idrettsfag på campus Stord, samt til utvikling av fordjupingsemne i 3.studieår (fag 2).

Det er brukt midlar på nettverksbygging lokalt, regionalt og internasjonalt, samt til å bygge opp eit digitalt fagbibliotek, utvikling av praksis og koordinering, utvikling av studie- og emneplanar, studentutveksling og rekruttering. Døme på tiltak har vore Workshop knytt til musikk på vidaregåande skule, samt dagssamling på Stord knytt til samisk kultur og musikk.

Det er nytta midlar til å vidareutvikle og styrke profesjonsemna, styrke samarbeidet mellom fagområde på tvers av institutt og til å utvikle og organisere tverrfaglege tema i utdanninga. Dette er tema som er knytt til profesjonsetikk, berekraft, demokrati og medborgarskap.

**Supplerande tildelingsbrev (2023) kap. 226, post 22. KD tildelte 10 000 000 kr til nasjonalt prosjekt for rekruttering til lærarutdanning**

Høgskulen fekk i supplerande tildelingsbrev i juni 2023 10 mill. kr for å styrke det nasjonale prosjektet for rekruttering til lærarutdanning. Den siste tildelinga gjer arbeidet meir føreseieleg og større moglegheit for meir langsiktig og målretta innsats og fleire og meir koordinerte tiltak. Målet med siste tildeling er at fleire søker lærarutdanning og startar i yrket, og at det er eit større mangfald blant lærarar i barnehage og skule.

HVL har hatt i oppdrag å leie dette arbeidet sidan 2019 for å bidra til auka søknad av menn og menn med innvandrarakgrunn til barnehagelærarutdanninga og grunnskulelærarutdanninga 1-7, samt bidra til ein meir positiv omtale av lærarutdanninga og læraryrket. Høgskulen i Innlandet (INN), UiT Norges arktiske universitet (UiT) og Nord universitet (Nord) har vore hovudsamarbeidspartnarar.

**Tiltak gjennom 2023:**

- Innhaldskampanje om både grunnskulelærarutdanninga og barnehagelærarutdanninga på vg.no og i radiokanalen P4.
- Stand på landsmøte til Rådgivarforum Norge.
- Utarbeidd infoskriv med tiltak for å få fleire menn til å velje barnehagelærarutdanning og delt dette med barnehagemynde i alle kommunar i landet gjennom statsforvaltarane.
- Samla informasjon i faktaboksar for både utdanningane og for yrket som blir brukt som landingsside på kampanjar og som utgangspunkt for flygeblad på skulebesøk og på messer.
- Gjennomført rollemodellkurs ved HVL.
- Rollemodellar har delteke på regionale utdanningsmesser og andre rekrutteringsarrangement.

På slutten av året blei det tilsett ny prosjektleiar i 100 % stilling som saman med kommunikasjonsrådgjevar har ansvar for dagleg drift på overordna nivå, og vil leie prosjektet over i ny periode. Nasjonalt forum for lærerutdanning og profesjonsutvikling (NFLP) lanserer nasjonal strategi for rekruttering til lærarutdanning og læraryrket i 2024, og denne vil gi retning for det vidare arbeidet i prosjektet.



### Supplerande tildelingsbrev (2023) Kap. 714, post 21. KD tildelte 1 250 000 kr (på vegne av Helse- og omsorgsdepartementet) til Kunnskap om skulemåltid

Høgskulen fekk over statsbudsjettet i 2023, kap. 714 post 21 Supplerande tildelingsbrev tildelt 1,250 mill. kr til Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet for å auke kunnskapen om skulemåltid. Midlane har blitt nytta til å kartlegge kommunale prosessar ved innføring av lokale skulematorndningar, samt å hente meir innsikt i kva som skal til for vellukka implementering.

Det har parallelt blitt jobba med korleis denne innsikta skal bli formidla ut til målgrupper på nasjonalt, kommunalt og lokalt nivå. Resultatet av arbeidet vil bli formidla til oppdragsgivar gjennom ulike rapporteringsformer, i tillegg til at det vil danne grunnlag for innhaldet på Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet sine nettsider om skulemåltid (verktøy/animasjonar/tema-tekstar etc.), tilgjengeleg for dei ulike målgruppene.

### Tilskot frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet på 4 200 000 kr over kap. 671, post 72 -Kvalifiseringsordningar for tolkar (2023).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet tildelte innanfor kapittel 671, busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar, høgskulen 4,2 mill. kr til to formål innanfor Statsautorisasjonsordninga for tolkar (post 72). Dette inkluderer eit tilskot på 3,195 mill. kr til tolking i offentleg sektor og eit tilskot på 1,025 mill. kr til skjermtolking retta mot kvalifiserte tolkar. Formålet med tilskotet er å bidra til å styrke tolkar sin kompetanse innan skjermtolking, og samtidig styrke og profilere det tolkefaglege miljøet som er under utvikling på Vestlandet.

I studieåret 2022/2023 hadde tolking i offentleg sektor totalt 84 søkjarar. Av desse starta 30 personar på studiet, og 20 av dei fullførte med bestått resultat. Tilboda i språk var polsk, tyrkisk, amharisk og vietnamesisk. For studieåret 2023/2024 søkte 72 personar på utdanninga. Av desse fekk 36 tilbod om studieplass, og kullet starta med 36 studentar, der 35 i dag er aktive. Høgskulen på Vestlandet tilbyr opplæring i fem språk dette året: arabisk, mandarin, persisk, bulgarsk og ukrainsk. Det var 36 søkjarar på venteliste til arabisk som dessverre ikkje fekk plass i år, men HVL tilbyr bl.a. arabisk til neste år.

Det nystarta studiet i fjerntolking, som tidlegare har blitt kalla skjermtolking, hadde for 2022/2023 totalt 77 søkjarar fordelt på ulike språk. Det var 60 kvalifiserte søkjarar og av desse var det 36 som takka ja til tilbodet. Søkjargruppa var spreidd over hele landet.

Det var 30 studentar med språka arabisk, ukrainsk, polsk og teiknspråk som bestod eksamen i haustsemesteret 2023. HVL tilbyr Fjerntolking for teiknspråktolkar og frå 2023 vil teiknspråktolkane bli registrerte i det nasjonale Tolke-registeret.

### Supplerande tildelingsbrev (2022) kap. 226, post 22. KD tildelte 1 000 000 kr til forsøksordning for lærarkvalifisering

Høgskulen held fram med tilbodet om å fullføre lærarutdanninga for dei med ei påbegynt 4-årig grunnskule- eller allmennlærerutdanning. KD har forlenga prosjektet til ut 2026. Nær halvparten av studentane deltek i dag på ledige studieplassar på Kompetanse for kvalitet, og over halvparten av dei er på dei sjølvstendige emna i pedagogikk 3 og 4.

Til no har 22 studentar fått vitnemål, og til våren 2024 er 16 nye studentar klare til å fullføre utdanninga si. Vi har i dag totalt 37 aktive studentar på ordninga. Av desse er ni studentar tekne opp i 2021, 13 studentar i 2022 og 15 studentar i 2023. For å få dei noverande studentane gjennom, blir det gjennomført nullopptak dei neste studieåra fram mot prosjektet sin slutt.

### Supplerande tildelingsbrev (2022) kap. 260 post 50. KD tildelte 5 652 000 kr for å oppretthalde studieprogresjonen

Som eit økonomisk tiltak i møte med pandemien, fekk høgskulen i 2022 tildelt 5,652 mill. kr for å oppretthalde studieprogresjonen. Midlane er i hovudsak nytta til studentassistentar, jf. rapportering i årsrapport 2022. To av fakulteta hadde restmidlar frå 2022. Eitt av fakulteta har brukt opp midlane i 2023, medan det andre planlegg å bruke resten av midlane våren 2024. Fakulteta har i all hovudsak nytta sine tildelte midlar til å videreføre ordninga med studentassistentar. Det meste har gått direkte til lønn til studentassistentar og til prosjektstyring og drift av ordninga, men også til undervisning på «sykepleienorsk» og ulike studentarrangement på campusane. Studentassistentane har hatt både ei fagleg og ei sosial rolle.



## Kapittel IV

# Styring og kontroll i verksemda

## Del 1: Rapportering om styring og kontroll

### System for risikovurdering og vurdering av dei største risikoområda

Dei siste åra har HVL hatt overordna planar med risikovurderingar til handsaming i styret. Vi har opplevd at dette gav for lite strategisk merksemd og for stor merksemd på risikovurdering som metode. I 2023 er det derfor ikkje utarbeidd ei samla, overordna risikovurdering, men heller forsøkt å integrere risiko-aspektet i saker til styret og i rektor sine oppdragsbrev og dialogmøte. Risiko og risikoreduserande tiltak er vidare tettare kopla til konkrete, operative planar og budsjett, i linjene.

Gjennom arbeidet med oppdragsbrev for 2023 og strategiske saker til styret, er det avdekt strategisk risiko (risiko for å ikkje nå mål), som blir adressert i verksemda gjennom krav til å gjennomføre risikoreduserande tiltak i oppdragsbrev, planar og prosjektmandat.

### Overordna strategisk risiko

- Risiko for manglande samsvar mellom framtidige kostnader og økonomiske ressursar også i lys av at studieplassar frå pandemien blir fasa ut.

- Risiko for lite gunstig organisering av oppgåveløysing og dimensjonering av personalressursar.

Det blei i 2023 sett i verk fire omstillingsprosjekt for å redusere desse risikoane.

I tillegg er det risiko for at tidsplanen mot å bli universitet blir forsinka. Det blei i 2023 gitt ytterlegare merksemd på å auke delen av tilsette med første- og toppkompetanse og sikre gjennomstrøyming i ph.d.-program.

### Risiko for å ikkje nå strategiske mål

Verksemdsstrategien 2023-2030 har tre strategiområde; Utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet, Ei sterk innovasjonskraft og Ein ambisiøs samfunnsaktør. Vi vil trekkje fram fem risikoområde som har hatt særleg merksemd i forkant og undervegs i 2023.

- Risiko for sviktande studentrekruttering, særleg til dei største profesjonsstudia.
- Risiko for at studieporteføljen ikkje er i samsvar med studentane sine utdanningsønsker og/eller samfunnets kompetansebehov. Dette gjeld både grads-gjevande studiar og etter- og vidareutdanning.

- Risiko for manglande rekruttering til ph.d.-program, særleg frå masterprogram.
- Risiko for manglande gjennomslag i søknadar om nasjonale og internasjonale forskingsmidlar.
- Risiko for at høgskulen ikkje klarar å hente ut gevinstar av moglegheitene som digitalisering og kunstig intelligens gjev oss.

Dette er risikoar som blir møtt med konkrete tiltak i planar og prosjekt.

## Opplegget for styring og kontroll


### Verksemdstyring

Høgskulestyret har vedteke eit rammeverk om styring og kontroll gjennom retningslinjene for verksemdstyring. Retningslinjene skal, saman med andre styringssystem, sikre at HVL arbeider systematisk for å sikre at høgskulen etterlever krav til mål- og resultat-

styring, at fastsette mål og krav blir nådd, at mål og forventningar i tildelingsbrevet frå KD og måla i verksemdsstrategien 2023-2030 blir realisert, og at styringa er effektiv og føreseieleg.

Sentrale element i retningslinjene er bruken av interne oppdragsbrev, krav til risikobaserte planar, systematisk oppfølging gjennom rapportering og dialogmøte og drøfting av forbetningspunkt og læring på tvers i leiinga. Det skal både vere heildekkande, risikobaserte planar for kvart fakultet og tematiske handlingsplanar på tvers av organisasjonen. Desse elementa gjev rektor ei oversikt over risiko, avvik og oppfølgingspunkt knytt til kvart mål, på tvers av linjene.

Samanhengane mellom etatsstyringa, strategi og verksemdstyring er skildra i figur under.



Figur 6: Samanhengane mellom etatsstyringa, strategi og verksemdstyring.

## Internkontroll

Internkontroll er eit linjeansvar og høgskulen er underlagt krav om internkontroll på ulike område. Internkontrollen er dokumentert i handbøker (til dømes HMS-, leiar- og personalhandbok) som er digitalt tilgjengelege for tilsette. Ein stor del av internkontrollen er knytt til faglege kvalitetssystem.

Det er eigne styringsprosessar som følgjer opp dei ulike delane av internkontrollen, og det er ingen indikasjonar på at dette ikkje fungerer som planlagt. Samtidig ser høgskulen det som føremålstenleg å lage ei felles overbygning for dei ulike delane av kontrollen, og utvikle ein større heilskap med eit overordna rammeverk.

## Internrevisjon

Høgskulen har eit etablert samarbeid om internrevisjon med Universitetet i Agder (UiA), Universitetet i Stavanger (UiS) og Nord universitet (Nord) om to årlege, felles revisjonar. Samarbeidet starta i 2012 som eit SAK-prosjekt. Desse revisjonane bidreg til kontinuerleg forbetningsarbeid og er dermed med på å bidra til å nå fastsette mål. I 2022 gjennomførte IIA Norge ei ekstern kvalitetsevaluering av internrevisjonssamarbeidet. IIA Norge konkluderte med at den samarbeidande internrevisjonen berre delvis samsvarer med krava dei internasjonale standardane set til internrevisjon.

I 2023 blei det ikkje gjennomført felles revisjonar i samarbeidet. I staden blei revisjonsressursane nytta til å følgje opp punkta i evalueringsrapporten, med særleg merksemd på punkta knytt til organisering, ressursinnsats og fagleg utvikling. Høgskulestyret vedtok å forlengje samarbeidet med UiA, UiS og Nord, og ny avtale blei utarbeidd og vedteken. Den nye avtalen følger opp mange av dei merknadane og tilrådingane som IIA Norge hadde. Eit nytt punkt i avtalen var å etablere eit revisjonsutval med ein representant frå kvar verksemd. Det vil vere revisjonsutvalet som mellom anna vedtek revisjonsplanane for det felles revisjonsarbeidet. Styreleiar Arvid Hallén blei valt som HVL sin representant i utvalet.

I samband med organiseringa av den framtidige internrevisjonsfunksjonen har høgskulen vedteke å tilsette ein internrevisor i 100% fast stilling og å tydeleggjere funksjonen si uavhengige rolle i verksemda. Ein styrka internrevisjon vil kunne gjennomføre eigne revisjonar, betre følgje opp tidlegare revisjonar og gje rådgjeving om forbetningar i system og prosessar. Stillinga er no under tilsetning.

## Samla vurdering

Ut frå rapportar frå internkontrollverksemda, internrevisjon, eksterne tilsyn og evalueringar er den overordna vurderinga at høgskulen har god styring og kontroll kring det at fastsette mål og resultatkrav blir nådd og at lovar og reglar blir overhaldne. Høgskulen har i styringsystema identifisert risiko knytt til om ressursbruken er effektiv nok, og det blir sett inn adekvate tiltak for å sikre tilstrekkeleg kontroll også her.

## Omtale vesentlege forhold inkludert merknadar/ikkje merknadar frå Riksrevisjonen

Risikoen for brot på lovar og reglar blir vurdert som låg, kvaliteten på rapporteringa som god og risikoen for vesentlege feil som låg. Drifta er effektiv og målretta. Det er ikkje avdekkja økonomisk mishald i 2023 og det var ingen merknadar frå Riksrevisjonen i 2023 knytt til revisjonen for 2022.

## Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav

### Lærlingar og studentar

Høgskulen har 16 lærlingar totalt. 15 lærlingar er tilsett i IT-avdelinga og fordelt på fire ulike lærefag. Det er seks lærlingar i IKT servicefaget, fem i IT driftsfaget, tre i dataelektronikkfaget og ein i IT utviklarfaget. HVL har ein lærling i mediedesignfaget frå og med hausten 2023. Dette er eit nytt lærefag ved HVL.

Høgskulen har vurdert å auke talet lærlingar innan IT frå 15 årlege, men pr no er det ikkje kapasitet til det. I det nye lærefaget mediedesign er det naudsynt å hauste erfaringar før vi eventuelt kan ta inn fleire. Moglegheitene for å ta inn i nye lærefag er vurdert innanfor økonomisk-administrative fag, kontor- og administrasjonsfag, service og administrasjonsfag, laboratoriefag og industrimontørfaget. Basert på total ressursituasjon blei det konkludert med at det ikkje var kapasitet til å ta inn lærlingar i desse faga i 2023. Lærlingar har krav på oppfølging, og per i dag er ikkje bemaninga vår tilstrekkeleg til å ta imot fleire. Det er altså ikkje primært økonomiske aspekt som ligg til grunn, men omsynet til å gi god nok oppfølging. Høgskulen har lærlingar knytt til både Vestland og Rogaland fylkeskommune. Vi har ikkje knytt oss til opplæringskontor i nokon av desse fylka då vi ikkje har hatt behov for dette.



Når det gjeld å ta imot studentar i praksis, har ikkje høøgskulen utarbeidd noko felles rammeverk for det. Sjølv om det totalt sett er snakk om eit fåtal, har høøgskulen jamleg studentar i praksis, til dømes frå bibliotekarutdanninga, men det er då den enkelte aktuelle eining som organiserer dette i samarbeid med aktuell student og aktuell utdanningsinstitusjon.

## Konsulentbruk

I årsrekneskapen for 2023 kjem det fram at høøgskulen har brukt om lag 14,4 mill. kr til ”kjøp av konsulenttenester”. Dette er bortimot ei halvering i forhold til 2022. Dei kjøpte konsulenttenestene er knytt til utvikling av programvare og IKT-løysingar (3,8 mill. kr), andre konsulenttenester (3,8 mill. kr) kommunikasjonsrådgjeving, design og språkvask (4 mill. kr), organisasjonsutvikling (1,6 mill. kr), rekruttering (0,6 mill. kr) og juss- og juridisk bistand (0,6 mill. kr).

Bruk av eksterne konsulentar knytt til digitalisering og organisasjonsutvikling er direkte knytt til oppfølging av Nasjonal strategi for digital omstilling. Strategien set store krav til mellom anna planlegging og styring av prosjekt. Høøgskulen har både forma ein plan for digitalisering (Digital ambisjon/Klok digitalisering 2030) og iverksett mange konkrete digitaliseringsprosjekt. Prosjekta er retta mot både studentar og tilsette, og har gitt kvalitativt betre tenester og redusert arbeidsbelastning for tilsette. Alle prosjekt med bruk av eksterne konsulentar byggjer på krav om kunnskapsoverføring til egne tilsette. Reduksjonen i konsulentkjøp syner at vi er i ferd med å lukkast med å bygge intern kompetanse. Høg og relevant utviklingskompetanse er likevel eit knapt gode, og berre auka grad av felles løysingar i sektoren kan i vesentleg grad ta ned institusjonen sin konsulentbruk ytterlegare.

Høøgskulen bruker «konsulenttenester kommunikasjonsrådgjeving, design, språkvask mv.» for å dekke manglande intern kompetanse og kapasitet på omsetjing, digital annonsering og utvikling av kampanjar i digitale medium. Bruken av «konsulenttenester til utvikling av programvare og IKT-løysingar» på kommunikasjonsida omfattar mellom anna bistand til teknisk vedlikehald og funksjonell utvikling av webplattform og publiseringsløysing for interne og eksterne nettsider.

## Desentralisert arbeid

For HVL har det vore viktig å utvikle levande campus, både for studentar og tilsette, på alle våre fem campus.

Høøgskulen har fast praksis at tilsette har arbeidsstad på ein av dei fem campusane. Det er lagt til rette for heimekontor for nokre tilsette der reiseveg/dagpendling ikkje er realistisk. Det er vidare eit fåtal tilsette som jobbar frå ein annan campus enn den dei organisatorisk høyrer til. Høøgskulen har ingen tilsette som arbeider i kontorfellesskap eller i kontorlokala til ei anna statleg verksemd. Anna bruk av heimekontor, ein eller fleire dagar i veka, er ikkje tatt med i vurdering av desentralisert arbeid.

## Sikkerheit og beredskap

### 1. Har verksemda kartlagt egne verdiar og avhengnader? Dersom verddivurderinga ikkje er gjennomført, kva planar har HVL for dette arbeidet?

I 2023 starta arbeidet med å gjennomføre ein ny overordna ROS-analyse for HVL. I arbeidet blir viktige avhengnader og overordna verdiar som må bli verna identifisert. Det er likevel ikkje gjennomført ei detaljert systematisk verddivurdering av HVL sine verdiar. I 2023 starta også eit arbeid om eksportkontroll der det har blitt lagt planar om å systematisk kartlegge verdiar som er underlagt eksportkontroll eller som kan vere underlagt sanksjonar. Det vil også bli gjort vurderingar av fagfelte sin sensitivitet ovanfor ulovleg etterretning.

### 2. Når reviderte HVL sist ROS-analysen sin? Kva område er identifiserte som dei med høgast risiko for verksemda?

Arbeidet med ny overordna ROS-analyse som starta i 2023, blir ferdigstilt i første halvår av 2024, og omfattar dei mest relevante hendingane som kan hende på verksemdsnivå. ROS-analysen gir ikkje eit komplett risikobilette for HVL, men tek utgangspunkt i dei mest alvorlege farane som er identifiserte. Om lag 20 hendingar er identifiserte innan tema som mellom anna alvorlege ulykker, IKT-hendingar, personvernbrott, trusselsituasjonar og svikt i kritisk infrastruktur.

Det blir også gjennomført risikoanalysar på lågare organisasjonsnivå som ved enkelteiningar, IT-system, arrangement eller fagområde. I 2022 blei det gjennomført ein sikringsrisikoanalyse for servicetorget og studentrådgjevingstenesta i Bergen. For servicetorget blei hendinga «Utagerande student/tilsett» vurdert som hendinga med høgast risiko, medan for studentrådgjevingstenesta var «Student med kniv», hendinga med høgast risiko. Fleire risikoreduserande tiltak er gjennomførte som følge av tilrådingane i rapporten, og det vil bli arbeidd vidare med å implementere risikoreduserande tiltak i løpet av 2024, og dessutan vurdere behov for tiltak på resterande campus.

### 3. Beskriv dei viktigaste læringspunkta frå krise- og beredskapsøvingar som er gjennomført i 2023.

I 2023 blei det ikkje gjennomført nokon beredskapsøvingar på strategisk nivå. Dette vil vere ei prioritert oppgåve i 2024.

### 4. Gjer greie for arbeidet med å utarbeide eit styringssystem for tryggleik, inkludert korleis dette blir samordna med leiingssystem for informasjonssikkerheit og verksemdsstyringa elles (jf. styringsdokumentets kap. 7).

HVL har eit styringssystem for organiseringa av tryggleik etter tryggingslova. Systemet beskriv organiseringa av det førebyggjande tryggingsarbeidet, roller, ansvar og rutinar. I 2023 blei det skrive inn referansar mellom dette og HVL sitt Ledelsessystem for informasjonssikkerheit (versjon 2.01), slik at dei heng saman.

Styringssystemet er etter kvart godt etablert og det er i løpet av året m.a. gjennomført autorisasjonssamtalar med nøkkelpersonell. HVL er også a jour med å få nødvendig personell klarert av Sivil klareringsmyndigheit.

I 2023 gjennomførte HVL obligatorisk multifaktorautentisering for både tilsette og studentar. Eit arbeidskrevjande, men stort og viktig tiltak som løftar tryggingnivået vesentleg.

Gjennom året har HVL CSIRT (Computer Security Incident Response Team) handtert fleire saker relatert til informasjonssikkerheit og/eller personvern. I ei av sakene blei NSM (Nasjonal Sikkerhetsmyndigheit) involvert etter råd frå Cybersikkerhetssenter for forskning og utdanning. Undersøkingane viste at HVL ikkje var utsett for eit målretta angrep, men phishing.

I 2023 har HVL opplevd ei urovekkjande gjennomstrøyming av tilsette ved IT-eininga. Spesielt i Bergen der det frå før er stor konkurranse om kompetent IT-personell viser det seg vanskeleg å få erstatta personell som fråtrer. Dette skaper også ytterlegare utfordringar i arbeidet med tiltak for å vareta informasjonssikkerheit, personvern og tryggleik etter tryggingslova.

### Informasjonssikkerheit og personvern

Vi viser til rapportering til HK-dir., jf. tildelingsbrev 2023, samt omtale under Utviklingsavtalen mål 1 og Sikkerheit og beredskap over.

### Lønns- og arbeidsvilkår

Lønns- og arbeidsvilkår er eit forhold som er regulert av forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar §5 og omhandlar anskaffingar over terskelverdi. Høgskulen nyttar stort sett standardkontraktar i sine anskaffingar der dette er inkludert. Dette innfattar også høgskulen sin eigen standardkontrakt. Ein krev også eigenerklæringar for oppfyljing av ILO-konvensjonar (Den internasjonale arbeidsorganisasjonen). Høgskulen har ikkje ei utstrekkt oppfølging av dette området i form av kontrollar i løpet av kontraktstida. Dette baserer seg på ei risikovurdering og eit kapasitetsspørsmål. Ein kan i denne samanheng nemne at høgskulen ikkje sjølv inngår egne byggje- og anleggskontraktar. Dette ligg i høve til oss hos Statsbygg. Forskrifta om lønns- og arbeidsforhold er endra frå 1. januar 2024, og høgskulen vil sjå på kva dette inneber for våre kontraktar.

### Likestilling og mangfald

Høgskulen arbeider aktivt for å fremme likestilling, kjønnsbalanse og mangfald blant tilsette og studentar og for å skape eit inkluderande og trygt arbeidsmiljø. Høgskulen sin handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering (LMI) gjaldt for perioden 2020 -2023. Planen blei utarbeidd av høgskulen sitt Råd for likestilling, mangfald og inkludering og godkjend av rektor. Dei overordna måla for planen er å fremme likestilling og hindre diskriminering blant tilsette og studentar. Alle skal oppleve at dei blir respektert uavhengig av kjønn, etnisitet, nasjonalt opphav, språk, religion og livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og alder. Handlingsplanen skal medverke til at høgskulen når måla i verksemdstrategien, oppfyller krava i §1 i Lov om likestilling og forbod mot diskriminering og bidra til at høgskulen skal møte framtida tufta på sentrale menneskerettslege verdiar og FN sine berekraftsmål. Handlingsplanen har klare tiltak og peikar på kven som har ansvaret for å følgje opp dei ulike tiltaka som blir tilrådd. Handlingsplanen er revidert for å møte krava i arbeidet med å oppnå EU-sertifiseringa Charter and Code. Dette er også ein del av satsinga mot å bli universitet. Handlingsplanen er prolongert.

Når det gjeld kombinasjonen av arbeid og familieliv har høgskulen fleksitidsordning for administrativt tilsette og undervisnings- og forskarpersonale har moglegheit til å påverke korleis arbeidstida blir disponert. Leiar og arbeidstakar skal avtale den enkelte si arbeidstid og det skal bli tatt omsyn til livsfase og livssituasjon.

På institusjonsnivå har høgskulen relativt gode tal for kjønnslikestilling. Ser ein på dei ulike fagmiljøa, er det likevel utfordringar. Det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret blir til dømes spegla innanfor enkelte av ingeniøruddanningane som har ein liten del kvinner og på utdanningane knytt til helsefag som har ein høg del kvinner. I 2023 hadde vi i undervisnings- og forskarstillingar 61% kvinner og 39% menn. HVL har 52,8% kvinner i gruppa professor. For administrative stillingar er fordelinga 71% kvinner og 29 % menn. Høgskulen har over fleire år hatt god rekruttering av kvinner til leiarstillingar, og ligg stabilt på over 60%.

Høgskulen arbeider systematisk med universell utforming av bygningar, læringsmiljø, campusområde og IKT. Dette er avgjerande for tilrettelegginga for personar med nedsett funksjonsevne. Målet er at flest mogleg skal kunne nytte seg av utdanningstilboda våre, og det blir jobba for å famne om mangfaldet i studentmassen ved å utforme digitale løysingar og læremiddel for å skape tilgjengelegheit for alle, uavhengig av funksjonsevne, alder og teknisk kompetanse. Læringsmiljøutvalet har utarbeidd handlingsplan for inkluderande læringsmiljø ved HVL.

## Avsetningar

Ved utgangen av 2023 hadde høgskulen 225 mill. kr. i avsette midlar av løyvinga frå departementet, som var ein reduksjon på 76 mill. kr. samanlikna med 2022. Avsetningsnivået utgjer 9,5% av total løyving. 99 mill. kr (4,2%) er avsetningar til andre føremål og 126 mill. kr (5,3%) er avsetningar til investeringar.

Årsaker til høgskulen sitt høge avsetningsnivå er mellom anna lågare aktivitet enn planlagt under pandemien, kombinert med at høgskulen har fått ein del øyremerka midlar frå departementet, der tiltak har blitt utsett/forseinka.

Lågare aktivitet har i mindre grad påverka måloppnåinga negativt og er mest knytt til utsette tiltak på øyremerka midlar. På lang sikt er det så langt ikkje noko som tyder på at dette påverkar den overordna måloppnåinga. Det vises elles til kapittel VI for meir informasjon om høgskulen sine avsetningar.

## FNs berekraftsmål

HVL jobbar med alle FN sine berekraftsmål anten i kjerneverksemd og/eller i dagleg drift. Nokon mål jobbar vi meir med enn andre, og mål nummer fire

knytt til God utdanning er sjølvstøtt ein del av verksemda vår. Det er kanskje mål ein – Utrydde fattigdom, mål to – Utrydde svolt, og mål seks – Reint vatn og gode sanitærforhold, vi jobbar minst med, utan at vi har laga eit system for uttømmende oversikt over korleis vi jobbar med FN sine berekraftsmål.

Det er mange av våre studieprogram som har berekraft som ein sentral del av utdanninga, til dømes Master program in Climate Change Management og bachelor i berekraftig produksjon og sirkulærøkonomi. Vi tilbyr og ein betydeleg portefølje innan etter- og vidareutdanning som er relatert til berekraftig utvikling.

Mykje av forskinga vår er innan berekraftig utvikling, både lokalt, regionalt, nasjonalt så vel som globalt. Det gjeld alle tre pilarane innan berekraft: Økonomisk, økologisk og sosial, sjølvstøtt i samspel. HVL har ei eiga ph.d.-utdanning som er relatert til berekraftig utvikling gjennom ansvarleg innovasjon og regional utvikling, RESINNREG (Responsible Innovation and Regional Development).

Dei ulike prosjekta i doktorgradsprogrammet spenner over mange ulike tema og er tverrfaglege, noko som speglar at det er fleire fagmiljø frå ulike fakultet som samarbeider om doktorgraden. Til dømes forskar dei på “Grøn omstilling i reiselivsnæringa, regional utvikling i lakseoppdrettsnæringa, borgarinvolvering i offentlege tenester og utvikling av kunstnardrivne initiativ på bygda”.

Formidling av vår forskning og utdanning skjer på mange ulike arenaer, og HVL er med på til dømes SDG-konferansen til UiB, Klimafestivalen Varmare Våtere Villere, Klimaomstillingskonferansen i Sogndal, Berekraftdagen i Haugesund og FORSA-konferansen. I tillegg er vi medlem i Norsk Klimastiftelse og sit i rådet der, og også medlem i Klimapartnere Rogaland og Vestland og har samarbeid med dei og andre partnarar. HVL er og med i eit administrativt nettverk som kallar seg UH-miljørådgevarforum.

Våren 2023 vedtok høgskulestyret Handlingsplan for berekraftig utvikling ved HVL 2023-2026, som har som mål at berekraftig utvikling blir ein innarbeidd og sjølvstøtt del av heile vår verksemd innan 2026. Måla i handlingsplanen ligg tett opp mot HVL sin eigen strategi, Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2023-2032, Parisavtalen og FN sine berekraftsmål.



Å følge opp handlingsplanen vil krevje ei omstilling innan alt frå kjerneverksemd til drift og administrasjon, slik at kulturen ved HVL blir prega av at vi tenker berekraft i alt vi gjer. Omstillinga vil gjelde tilsette så vel som studentane. Det fulle potensialet til HVL med å oppnå handlingsplanen sine mål, er å bidra til at vi globalt oppnår FN sine berekraftsmål innan 2030.

## Klima og miljø

I Handlingsplan for berekraftig utvikling for HVL 2023-2026 er eit av tiltaka at vi skal kutte 40 % av klimagassutsleppa vi hadde i 2019 fram til og med 2026, og ytterlegare 15 % til 2030. I 2022 gjekk utviklinga i feil retning, men førebelse tal for 2023 viser ein positiv tendens, mellom anna grunna mindre reising. Tiltaka som blir sett i verk i handlingsplanperioden vil leggje grunnlag for ytterlegare kutt fram mot 2030. Høgskulen har tru på at det er realistisk med 55-60% reduksjon i klimagassutslepp frå 2023 til 2030.

## Campusutviklingsplanar og større byggjeprojekt

På alle campusane er det i 2023 sett i gang arealeffektiverande tiltak der målsettinga har vore å handtere vekst innanfor eksisterande bygningsmasse. I tida framover er det ei målsetting å redusere arealbruken gjennom meir effektiv bruk av arbeidsplassareal og undervisningsrom, og redusere tal leigekontraktar med private aktørar.

Kronprinsen møter forskarar på campus Sogndal.  
Foto: HVL, Torkjell Einarson Venjum

Når det gjeld større byggjeprojekt, vedtok styret i november 2022 å gå vidare med eit revidert byggjeprojekt for å samlokalisere aktivitet i Haugesund. Som i alle større byggjeprojekt i regi av Statsbygg følgjer høgskulen utgreiingsinstruksjonen, bygge- og leigesaksinstruksjonen og retningslinjene for behandling av brukarfinansierte byggjeprojekt. I forprosjektet som er gjennomført er det gjort vurderingar knytt til om det er mogleg å dekke behova innanfor eksisterande bygningsmasse. Konklusjonen er at eksisterande bygg ikkje har plass til å dekke behova når vi skal samlokalisere og flytte nautikkmiljø, lesesalar og simuleringssalar inn på campus.

Hovudføremålet med prosjektet er å samle all aktivitet i Haugesund på campus for å gi betre studie- og arbeidsforhold for studentar og tilsette. I tillegg til den nemnde samlokaliseringa, vil bygget innehalde læringsareal og areal til 43 arbeidsplassar. Noverande SIM-arena vil bli bygt om til lokale for studentorganisasjonane og sosial studentaktivitet. Byggjeprojektet i Haugesund er eit prosjekt som er føresett dekkja innanfor noverande løyving.

Oppstart av konseptutvalsutgreiing har blitt avklart med KD og prosjektet er meldt inn gjennom Statsbygg sine prosedyrar, og endeleg handsaming er forventa i 2024. OFP-fasen (OppstartForProsjekt) er gjennomført. I styremøtet i november fekk rektor fullmakt til å gå vidare med eit revidert prosjekt, og bestillingsbrev blei sendt til Statsbygg. Ramma for prosjektet er no nybygg på omlag 4 000-4 200m<sup>2</sup> og inntil 1 000m<sup>2</sup> ombygging.





Statsbygg lyste i desember 2023 ut prosjektet som ein totalentreprise med løysingsforslag med svarfrist 8.03.24. Vidare framdrift består av behandling i høgskulestyret i mai/juni 2024 med påfølgande godkjeningsprosess i KD, Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) og regjering.

## Vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge

I tildelingsbrevet for 2023 blei høgskulen gjort merk-sam på at Helsedirektoratet ville utløyse ein opsjon om oppdragsfinansiering av utdanningstilbodet for årskullet som blei tatt opp i 2023, men at dei ikkje ville utlyse midlar til oppdragsfinansiering frå 2024. I desember 2023 blei det likevel inngått ein endringsavtale mellom høgskulen og Helsedirektoratet om å forlenge avtalen med årskull 2024.

## Oppfølging av Strategi for digital omstilling

Vår digitale ambisjon ”Klok digitalisering 2023 – 2030” kom i stand som følge av eit breitt prosjektarbeid med studentar, tilsette og eksterne interessentar gjennom 2022, og fekk status som bindande plan ved rektorvedtak våren 2023. Nasjonal strategi for digital omstilling i sektoren og verksemdstrategien for HVL, er styrande for innrettinga av planen.

For dei seks<sup>1</sup> interessentgruppene “student”, “profesjons- og arbeidsliv”, “undervisar”, “forskar”, “administrativt tilsett” og ”leiar” er det utvikla målbilete og knytt prosjekt for å nærme seg måla. Prosjektporteføljen blir styrt av eit råd samansett av toppleiarar og tenesteeigarar. 2030 er langt fram, og teknologien som endringsdrivar er stadig meir påtakeleg. Difor er prosjekta i første omgang særleg knytt til tidsramma for utviklingsavtalen. For 2023 har arbeidet særleg vore knytt til nokre kjerneprosjekt og styrking av digital kompetanse. For 2024 har rådet alt sett av midlar til problemstillingar knytt til kunstig intelligens, i tillegg til å halde oppe satsinga på eigne tilsette som digitaliseringsressursar.

Digitalisering i HVL er ikkje berre retta mot eigenutvikla mål. Den nasjonale strategien peiker på sentrale overordna mål, særleg med tanke på datatryggleik og effektiv deling av ressursar. HVL tek del i viktige nasjonale prosjekt med sikte på effektiv og trygg deling av data (KUDAF, IAM, IntARK), og har innanfor knappe rammer bidrege med gode ressursar inn i porteføljestyre og produktråd, samt i ulike roller knytt til utviklinga av UH SAK.

<sup>1</sup> Den nasjonale strategien omtalar ikkje administrativt tilsette som eiga interessentgruppe, og har såleis visjonar for fem interessentgrupper



## Kapittel V

# Vurdering av framtidsutsikter

### Framtidsutsikter og planar

Verksemdsstrategien til Høgskulen gjer greie for vegval for å løyse samfunnsoppdraget og realisere mål i lys av vår identitet, våre verdiar og ambisjonane om at utdanningane og forskinga vår skal vere for samfunns- og arbeidslivet, at vi skal vere ei sterk innovasjonskraft og at vi er ein ambisiøs samfunnsaktør. Ambisjonane er vidare konkretisert i mål og langsiktige prioriteringar.

For å realisere strategiske ambisjonar og mål er det viktig for oss å integrere desse i alle ledd i styringssystemet, og ha merksemd på å redusere den strategiske risikoen (sjå kapittel IV). Dette kjem tydeleg til syne i krava til handlingsplanar og fakultetsplanar.

Høgskulen har særleg merksemd på to prioriterte område frå 2024 og framover. Det eine er å realisere strategiske ambisjonar og mål. Derfor må alle ved Høgskulen:

- arbeide planlagt og systematisk for å nå måla i strategien og utviklingsavtala.
- arbeide med tiltak i handlingsplanen for berekraft.
- bidra til at HVL kan sende søknaden om å bli akkreditert som universitet.

Det andre området er budsjett disiplin og stram økonomistyring. Aktivitetsnivået må tilpassast økonomiske rammer. Budsjettet for 2024 legg rammer for at våre mål kan nåast, men skal også sikre eit langsiktig økonomisk handlingsrom for vidare satsing og utvikling i tråd med verksemdsstrategien.

Derfor må alle ved Høgskulen:

- bidra til at HVL kan hente ut gevinstar og lærdom av omstillingsprosjekt og satsinga på digitalisering.
- arbeide målretta og systematisk med å auke studentrekrutteringa og eksterne inntekter.
- ha dialog på tvers av organisatoriske linjer for å hente ut gevinstar av samarbeid.
- tilpasse talet på emne og studieretningar, driftskostnader og årsverk.

### Mål 1. Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov.

I eit fleirårig perspektiv må vi utvikle studietilbodet, der høge søkjartal, kvalifiserte og motiverte søkjarar

og god gjennomstrøyming er føresetnader for å lykka. Vi vil at studentar tek del i forskinga, og ønskjer å utvide tilbudet om praksis og prosjektsamarbeid med arbeidslivet til fleire studium.

I 2024 må vi mellom anna prioritere:

- Det målretta og systematiske arbeidet med å auke studentrekrutteringa.
- Ei kunnskapsbasert, analytisk og føreseieleg utvikling av studieporteføljen.

## Mål 2. Forskinga vår held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet.

I eit fleirårig perspektiv må vi vidareutvikle eksisterande forskingsmiljø, og byggje fleire, nasjonalt og internasjonalt leiande forskingsmiljø, og forske meir saman med samfunns- og arbeidslivet. Forskinga blir teken i bruk i utdanningane våre og får gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet, også internasjonalt.

I 2024 må vi mellom anna prioritere:

- Arbeidet med retningslinjer og rutinar, opplæring, kompetanse- og kulturbygging knytt til forskingsetikk.
- Arbeidet med å auke den eksterne forskingsfinansieringa.

## Mål 3. Ansvarleg innovasjon pregar samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet.

I eit fleirårig perspektiv skal vi leggje til rette for at våre tilsette kan byggje innovasjonskapasitet både gjennom eiga forskning og utdanning, og i samskaping med partnarar i samfunns- og arbeidslivet.

I 2024 må vi mellom anna prioritere:

- Å arbeide for at tilsette og studentar kan drive med forskingsbasert innovasjon.
- Bygging av kompetanse hos tilsette for å kunne ta i bruk nye, digitale metodar og verktøy og KI i undervisninga.

## Mål 4. Organisasjonen vår er kjenneteikna av at vi søkjer forbetring.

I eit fleirårig perspektiv organiserer vi oss slik at vi har høg kvalitet i kjerneverksemda, god brukarorientering og effektiv og berekraftig drift. Vi skal vere ein attraktiv

arbeidsgjevar som trekkjer til oss, beheld og utviklar kompetente medarbeidarar.

I 2024 må vi mellom anna prioritere:

- Merksemda på det å hente ut gevinstane av det strategiske arbeidet med digitalisering.
- Å dimensjonere studieplassar og fagmiljø i samsvar med økonomiske rammer og rekrutteringsgrunnlag.

## Mål 5. Vi er eit samskapande universitet med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle.

I eit fleirårig perspektiv må vi utnytte potensialet som ligg i at vi er til stades i heile regionen, og vere ein brubyggar og føretrekt samskapspartnar. Vi må styrke campusane våre som attraktive arbeids- og studiestadar.

Vi må mellom anna prioritere:

- Samarbeid om utdanningstilbod og forskingsprosjekt på tvers av fakulteta for å utvikle kvart campus, saman med regionale aktørar.
- Vidareutvikle læringsmiljø og møteplassar på campus for både norske og utanlandske studentar.

## Mål 6. Vi deler kunnskap og deltek aktivt i samfunnsdebatten.

I eit fleirårig perspektiv skal vi setje dagsorden og formidle kunnskap om og frå fagområda våre. I forlenginga av det ligg også å delta i det offentlege ordskiftet.

I 2024 må vi mellom anna prioritere:

- Tiltak for å synleggjere og formidle høgskulen sin kunnskapsproduksjon.
- Arbeidet med å nytte viktige arenaer, klynger og nettverk for å synleggjere høgskulen som ein relevant samskapspartnar.

## Universitetsprosjektet i 2024

Høgskulen har ambisjon om å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, tufta på samspel, berekraft og nyskaping, og i 2023 har det vore jobba vidare med å ferdigstille søknadsteksten. Involvering av organisasjonen skal bidra til at søknaden gjenspeiler den faktiske situasjonen, og til at tilsette og studentar kjenner seg igjen i, og kan stå inne for skildringa av Universitetet på Vestlandet. Søknaden blir sendt i 2024 når kravet om tal disputasar er nådd.

## Budsjett 2024

Dei økonomiske utsiktene til høgskulen er eit resultat av mange faktorar, der nokre er lettare å påverke enn andre. Økonomien, både i Norge og internasjonalt, har vore prega av høg prisvekst i 2022 og i 2023. Dette har blitt møtt med aukande renter, noko som har gitt redusert vekst og aukande usikkerheit i økonomien. Dette påverkar også høgskulen, som er avhengig av eit samspel med samfunnet som vi er ein del av. Større usikkerheit gir mindre føreseielege vilkår og gjer det meir utfordrande å lage treffsikre prognosar og planar.

Høgskulen har store og viktige utdanningar som har opplevd stor reduksjon i rekrutteringa dei siste to åra. Dette er ein nasjonal trend, som heile sektoren er opptekne av å snu. Desse rekrutteringsutfordringane vil påverke økonomien til høgskulen dei komande åra, sidan ein stor del av finansieringa er basert på oppnådde resultat innan utdanning. Under pandemien brukte KD midlertidige studieplassar som eit verkemiddel for å auke aktiviteten. Desse studieplassane blir trekt tilbake dei komande åra, noko som også vil bidra til reduserte inntekter.

Høgskulen har sett i gang omstillingsarbeid for å bu seg på meir krevjande økonomiske utsikter dei komande åra. Omstillinga skal særleg førebu høgskulen på å møte lågare inntektsrammer. Eitt av grepa som er gjort er å slå saman to av fakulteta. Dette grepet gir høgskulen tre jamstore fakultet som er betre rusta til å møte dei utfordringane vi står overfor. Høgskulen gjer også ei vurdering av organiseringa og dimensjoneringa av støttefunksjonar for å redusere kostnader.

For å auke handlingsrommet til høgskulen innan forskning, utvikling, innovasjon og utdanning er det også nødvendig å auke dei eksterne inntektene. Eit viktig område for å nå målet om høgare eksterne inntekter er å utvikle tilbodet innan etter- og vidareutdanning, og høgskulen har sett i gang eit arbeid for å identifisere tiltak på dette området.

Høgskulen sin tildeling for 2024 er 2,451 mrd. kr. Dette er ein realauke på 0,8%.

Høgskulen sin budsjettfordelingsmodell ligg til grunn for fordelinga mellom einingane. Det er nå nedsett ei arbeidsgruppe som har fått i mandat å beskrive korleis eksisterande fordelingsmodell har fungert, og med bakgrunn i dette, politiske føringar og strategiske mål, foreslå ein ny intern budsjettfordelingsmodell og stipulere interne økonomiske effektar.

Dei samla budsjetttrammene til fakulteta aukar. Hovudforklaringa på dette er auke i resultatinntekter frå 2023 til 2024. I 2023 var resultatinntektene særskilt låge på grunn av manglande kandidatinntekter på grunnskulelærerutdanninga. Desse inntektene er tilbake med dobbel effekt i 2024. Budsjett til realbudsjettert administrasjon har ein reell nedgang frå 2023 til 2024. Høgskulen vil i 2024 vere restriktive med tilsetjingar i teknisk-administrative stillingar og budsjettet tek omsyn til dette.

År	2023	2024	Realendring
Ramme til fakulteta	1 106 709	1 191 551	13 202
Realbudsjettert administrasjon	359 251	370 234	-11 276
Institusjonskostnader	709 005	758 297	3 701
Sum driftsrammer	2 174 965	2 320 082	5 626
Rekrutteringsstillingar	88 716	88 209	-5 811
Innsatsmidlar	15 000	0	-15 000
Reserve	6 018	43 024	34 418
<b>Rammetildeling frå KD</b>	<b>2 284 700</b>	<b>2 451 315</b>	<b>19 234</b>

Tabell 14: Budsjett 2024 – fordeling av KD-tildelinga 2023-2024 (alle tal i tusen kr).



Institusjonskostnader er forventet å auke om lag med forventet prisvekst. Nokre kostnader aukar også noko utover dette. Ramme til rekrutteringsstillingar er tildeling til dekning av både faste rekrutteringsstillingar tildelt frå KD, strategiske rekrutteringsstillingar og midlertidige rekrutteringsstillingar tildelt i Utdanningsløftet 2020. Dei midlertidige rekrutteringsstillingane

blir gradvis trekt tilbake, og medfører difor ein reell reduksjon av ramma til rekrutteringsstillingar. Innsatsmidlar skal dekke satsingsområde innan forskning, utdanning, regional utvikling og digitalisering. Høgskulen har om lag 12 mill. kr. i ubrukte innsatsmidlar frå 2023, så det blir ikkje løyvd friske midlar frå 2024-løyvinga til dette.



## Kapittel VI

# Årsrekneskap

## Leiarkommentar til rekneskapen for 2023

### Stadfesting

Høgskulen på Vestlandet (HVL) gjennomfører statsoppdraget innanfor dei rammer som Kunnskapsdepartementet har sett for institusjonen i løyvingsbrev for 2023. Rekneskapen gir eit dekkande bilde av HVL sine rekneskapsførte inntekter, utgifter, eigendelar, verksemdskapital og gjeld. Det har ikkje vore tilhøve av vesentleg verknad for høgskulen sitt resultat og økonomiske stilling etter rekneskapsperioden sin slutt. Rekneskapen er avlagt i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, reglane i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), samt rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement. Leiarkommentaren og rekneskapen er sett opp i høve til dei rapporteringspunkt som er gitt av departementet i brev av 14.12.2022, 24.04.2023, 14.08.2023 og 06.12.2023.

Institusjonen sin revisor er Riksrevisjonen.

## Avvik mellom budsjett og rekneskap og vurdering av institusjonen si drift i perioden

Totalt har Høgskulen på Vestlandet inntektsført kr 2.735 mill. i 2023, for 2022 var inntektene kr 2.520 mill. og utgjer ein auke på kr 214 mill. Løyving frå Kunnskapsdepartementet på 2.370 mill. kr. og ei løyving frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet på 4,2 mill. kr. utgjer 87% av totale driftsinntekter.

Inntekter frå bidragas- og oppdagsverksemda (BOA) har auka med 46 mill. kr., som utgjer ein auke på 16% frå 2022 til 2023.

Samanliknar vi rekneskapsførte inntekter mot budsjettet viser det at rekneskapsført løyving frå Kunnskapsdepartementet (KD) er om lag 73 mill. kr. høgare enn budsjett. Dette skuldast at vi i budsjettet har lagt inn større investeringar enn det som er gjennomført. I følgje dei statlege rekneskapsstandardane skal ikkje den delen av løyvinga som blir nytta til investeringar inntektsførast på investeringstidspunktet, men inntektsførast i takt med avskrivningane. Dei budsjetterte investeringane

er utsett i tid og vi vil kommentere dette under avsnittet planlagde investeringar. Eksterne inntekter frå BOA-verksemda er vesentleg over det vi hadde budsjettert og skuldast stort fokus på å auke den eksterne verksemda, noko dette viser at vi har lukkast med. Den totale differansen mellom faktiske inntekter og budsjett utgjer 142 mill. kr og er 5,5% over budsjett.

Tabell 1 Inntektsfordeling

	Rekneskap 31.12.2023	Budsjett 31.12.2023	Avvik mot budsjett i %	Rekneskap 31.12.2022	Endring i % frå 2022
Inntekt frå løyving	2 374 042	2 300 690	3,2 %	2 206 867	7,6 %
Tilskot og overføringar frå andre	222 894	184 634	20,7 %	188 903	18,0 %
Sals- og leigeinntekter	128 659	100 636	27,8 %	116 331	10,6 %
Andre driftsinntekter	9 263	7 170	29,2 %	8 368	10,7 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2 734 859</b>	<b>2 593 130</b>	<b>5,5 %</b>	<b>2 520 469</b>	<b>8,5 %</b>

(Alle tal i heile tusen)

Totale driftskostnader utgjer i 2023 2.781 mill. kr. og i høve same periode i fjoråret på 2.592 mill. kr. utgjer dette ein auke på 188 mill. kr, og er ein endring på 7,3%.

Løn- og sosiale kostnader har auka med 145 mill. kr frå 2022 til 2023, og utgjer ein auke på 8,8%. Den vesentlege delen av endringa er auke i fastløn, som skuldast lønsoppgjering for 2023 på 5,2% og ein auke på 28 årsverk frå 2022 til 2023.

For løn i høve budsjett er det eit mindreforbruk på 17 mill. kr, som utgjer eit avvik på 1%. Dette er innanfor det vi kan forvente av avvik.

Andre driftskostnadar er auka med 30 mill. kr, som er ein endring på 3,4% i høve til 2022. Den største auken skuldast husleige og drift av bygg, som består av indeksregulering av leigeavtalar. Denne auken var forventa, og budsjetterte leigekostnader er om lag som faktiske kostnader. Det er likevel ein differanse mellom andre driftskostnader og budsjett på 33 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak eit mindreforbruk på innsatsmidlar til utvikling av HVL, som blir vidareført til 2024.

Avskrivningar er som budsjett, men har auka med 14 mill. kr i høve fjoråret. Dette er naturleg sidan HVL har hatt store investeringar i 2022.

Tabell 2 - Driftskostnader

	Rekneskap 31.12.2023	Budsjett 31.12.2023	Avvik mot budsjett i %	Rekneskap 31.12.2022	Endring i % frå 2022
Løn og sosiale kostnader	1 793 332	1 810 622	-1,0 %	1 648 569	8,8 %
Andre driftskostnader	900 457	933 563	-3,5 %	870 940	3,4 %
Avskrivningar	86 802	87 000	-0,2 %	72 643	19,5 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 780 591</b>	<b>2 831 185</b>	<b>-1,8 %</b>	<b>2 592 153</b>	<b>7,3 %</b>

(Alle tal i heile tusen)

Resultatet for 2023 viser eit negativt driftsresultat på 47 mill. kr. Dette sett saman av reduserte avsetningar på 76 mill. kr og overskot frå oppdragsverksemd, som utgjer 29 mill. kr. HVL budsjetterte med eit meirforbruk på 238 mill. kr for 2023. Dette er redusert til 47 mill. kr. fordi kostnadane til investeringar er redusert, og at vi har hatt meirinntekter frå BOA og noko reduserte driftskostnader i høve budsjett. Den økonomiske stillinga ved utgangen av 2023 er framleis god, men prognosen framover viser at vi vil få reduserte inntekter, og HVL har starta prosessen med å tilpasse seg endringane ved å gjennomgå tal tilsette, både for administrative og vitskaplege stillingar.

Bankinnskot er redusert med 19 mill. kr. sidan 31.12.2022, og utgjer 1.035 mill. kr. pr 31.12.2023. Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) er 1,5 og er redusert frå 1,6 pr 31.12.2022.

## Utvikling i avsett del av løyvingfinansiert aktivitet

Pr 31.12.2023 har Høgskulen på Vestlandet 225 mill. kr. i avsette midlar av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet. Ved utgangen av 2022 var avsetningane på 301 mill. kr., noko som gjev ein reduksjon på 76 mill. kr. i 2023.

Avsetningsnivået per 31.12.2023 er 9,5% av total løyving mottatt frå KD i 2023. Avsetningar til andre føremål utgjer 99 mill. kr 4,2% og avsetningar til investeringar er til saman 126 mill. kr og utgjer 5,3%.

Tabell 3 - Avsetningar av løyving frå Kunnskapsdepartementet

	31.12.2023	Avsetning i % av KD løyving	31.12.2022	Avsetning i % av KD løyving
Avsetningar til andre føremål	98 823	4,2 %	110 473	4,9 %
Avsetningar til investeringar	126 071	5,3 %	190 641	8,5 %
<b>Sum avsetningar</b>	<b>224 894</b>	<b>9,5 %</b>	<b>301 114</b>	<b>13,4 %</b>

(Alle tal i heile tusen)

Avsetningar til andre føremål inneheld øyremerka løyvingar frå KD på 69 mill. kr., og 12 mill. kr til strategisk innsatsområde, som for det meste er planlagt til digitalisering. I tillegg er det avsett 9 mill. kr. til stipendiatar, midlar til satsinga mot å bli eit universitet og diverse andre midlar for og auke studiekvaliteten ved fakulteta. Det er eit fakultet som har eit meirforbruk og har ei negativ avsetning. HVL har stort fokus på å snu dette.

Avsetning til investeringar utgjer 126 mill. kr. og skal nyttast til investeringar spesifisert i investeringsplan for HVL. Bruk av avsetningar til investeringar blir omtalt i avsnittet under.

Høgskulen auka avsetningane under pandemien med 109 mill. kr. og har dei siste to åra redusert avsetningane med 180 mill. kr. Auken i avsetningar i perioden 2020 og 2021 skuldast noko redusert aktivitet og vesentleg mindre reiseaktivitet desse åra. Dette førte til redusert samarbeid og utveksling med andre institusjonar både for tilsette og studentar. Denne aktiviteten har auka igjen og målet om samarbeid og utveksling er igjen tilfredsstillande.

For 2022 hadde HVL ein reduksjon i avsetningar på 103 mill. kr og for 2023 76 mill. kr. Dette har vore ein budsjettert reduksjon, og Høgskulen på Vestlandet ser at vi snart er nede på eit hensiktsmessig avsetningsnivå, for å ha ein tilfredsstillande buffer, då vi ser at inntektene for 2025 vil bli reduserte.

## Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Styret godkjente investeringsplan for 2023 i styremøte 07.03.2023 og vil handsame ny investeringsplan i styremøte 06.03.2024, for perioden 2024-2026, som er foreslått til totalt 151 mill. kr. Tabell 4 viser siste utkast av investeringsplan for 2024, med foreløpig oppdaterte tal. For 2023 er det gjennomført investeringar for 75 mill. kr. I budsjett og investeringsplan for 2023 utgjorde investeringar om lag 150 mill. kr. Investeringane er utsett i tid, då vi ser at vi har reduksjon i tal studentar og vi vil får strammare økonomi i tida framover.



Tabell 4 - Investering 2023 og revidert investeringsplan for 2024

	Investeringar i rekneskapen 2023	Investeringsplan for 2024
Immaterielle eigendelar	13 220	10 700
Inventar	9 713	8 359
Data- og AV-utstyr	34 697	17 009
Nettverkskomponentar		24 142
Teknisk vitenskapleg utstyr/forsknings- og lab.utstyr	4 405	8 304
Undervisningsutstyr	7 929	10 975
Verktøy		600
Andre driftsmidlar	2 496	0
Maskiner og anlegg	1 006	5 400
Påkost andre sine bygg	1 779	4 900
<b>Totalt</b>	<b>75 245</b>	<b>90 389</b>

(Alle tal i heile tusen)

Investeringsplanen for 2024 viser at det er prioritert investeringar i IT-/AV-utstyr og nettverkskomponentar, totalt 41 mill. kr. Dette er tenkt nytta til utskifting av nettverkskomponentar og utvida server- og lagringsløysingar. Investeringar til inventar utgjer 8 mill. kr i investeringsplan og skal nyttast til klimahus i Bergen og elles mindre innkjøp på alle campus. Ombygging og påkost bygg utgjer nesten 5 mill. kr og vesentleg kostnad til ombygging ny kantine i Haugesund. Fakulteta prioriterer å nytte midlane til vitenskapleg undervisningsutstyr, it/av-utstyr, men vil og ha investering i programvarer, sikkerheitssystem for studentar på ekskursjon og produsere rekrutteringsfilmar.

I tillegg er det avsett midlar til nytt bygg i Haugesund. Statsbygg lyser anbodet om nytt bygg i Haugesund med frist for levering 8. mars i år og legg opp til forhandlingar i ettertid. Styret ved HVL vil ta endeleg avgjerd om gjennomføring av prosjektet i 2024. Avsetning på 38 mill. kr er tenkt nytta til inventar og utstyr i bygget i 2025.

Det blir elles vist til rekneskapen for 2023 med tilhøyrande notar.

---

Gunnar Yttri, rektor

Dato: 7. mars 2024



Arvid Hallén (styreleiar)



Wenche Kjølås



Kristine Kopperud Timberlid



Sverre Meling



Erik Kyrkjebø



Tom Are Trippestad



Sissel Rosland



Hege Myklebust



Solveig Råheim Grønsdal



Kai Holdnes Jørgensen



Frida Lunde Høisæther

## Prinsippnote – SRS

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS). Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

## Anvendte regnskapsprinsipper

### Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres etter prinsippet om motsatt sammenstilling. Dette innebærer at inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres i takt med at aktivitetene som finansieres av disse inntektene utføres, det vil si samme periode som kostnadene påløper (motsatt sammenstilling).

Grunnbevilgning fra departementet som er ment å finansiere ordinære driftsaktiviteter er opptjent pr. 31.12 hvis ikke institusjonen eller departementet har satt konkrete og målbare krav til gjennomføring av aktiviteten. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver og investeringer som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultateffekt.

### Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på

transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

### Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt. Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført og ressursene er forbrukt.

### Pensjoner

SRS 25 Ytelser til ansatte legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelser for ordninger til Statens pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan.

Fra 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlige virksomheter. Fra 1. januar 2022 betaler virksomheten en virksomhetsspesifikk hendelsesbasert arbeidsgiverandel som del av pensjonspremien. At premien er virksomhetsspesifikk, betyr at den beregnes ut fra den enkelte virksomhets forhold, ikke for grupper av virksomheter samlet. At den er hendelsesbasert, betyr at den tar hensyn til de faktiske hendelser i medlemsbestanden i virksomheten, slik at premiere-reserven er ajour i forhold til medlemmets opptjening. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendret.

### Leieavtaler

Vi har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

### Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 50 000 eller mer. Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrukket avskrivninger.

Kontorinventar og datamaskiner (PCer, servere m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved endret anvendelse eller utnyttelse, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

### Egenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne ansatte til utvikling av programvare er kostnadsført.

### Investeringer i aksjer og andeler

Investeringer i aksjer og andeler er balanseført til kostpris på anskaffelsestidspunktet. Investeringer i aksjer og andeler er vurdert til laveste verdi av balanseført verdi og virkelig verdi. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt.

Aksjer og andeler som er anskaffet med dekning i bevilgning over 90-post og aksjer anskaffet før 1. januar 2003 og som ble overført fra gruppe 1 til gruppe 2 fra 1. januar 2009, har motpost i Innskutt virksomhetskapi- tal avsnitt CI Virksomhetskapi- tal i balanseoppstillingen. Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av e ksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i Opp- tjent virksomhetskapi- tal. Dette gjelder både lang- siktige og kortsiktige investeringer.

### Klassifisering og vurdering av omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggs- midler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til det laveste av anskaffelse- skost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opp- takstidspunktet.

### Beholdning av varer og driftsmateriell

Beholdninger omfatter varer for salg og driftsmateriell som benyttes i eller utgjør en integrert del av virksom- hetens offentlige tjenesteyting. Innkjøpte varer er verd- satt til anskaffelseskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Beholdninger av varer er verdsatt til det laveste av anskaffelseskost og netto realisasjonsverdi. Beholdninger av driftsmateriell er verdsatt til anskaffel- seskost.

### Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balan- sen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

### Valuta

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert til kursen ved regnskapsårets slutt. Her er Norges Banks spotkurs per 31.12 lagt til grunn.

### Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av virksomhetens eiendeler og gjeld. Statens kapital består av virksom- hetskapi- tal, avregninger og utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte). Universiteter og høy- skoler kan bare opptjene virksomhetskapi- tal innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opp- tjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dek- ning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskapi- tal ved enhetene.

### Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler

Avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler viser inntekt fra be- vilgninger og tilsvarende som er benyttet til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

### Kontantstrøm

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

### Statlige rammebetingelser

#### Selvassurandørprinsipp

Staten opererer som selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

#### Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsern- kontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle innbetalinger og utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank. Virksomheten tilføres likvider løpende gjennom året i henhold til utbetalingsplan fra overordnet departement og disponerer en egen oppgjørskonto i konsernkonto- ordningen i Norges Bank. Denne rente beregnes ikke. Nettobudsjetterte virksomheter beholder likviditeten ved årets slutt.



## Resultatregnskap

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>Driftsinntekter</b>			
Inntekt fra bevilgninger	1	2 374 042	2 206 867
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	222 894	188 825
Inntekt fra gebyrer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	128 659	116 409
Andre driftsinntekter	1	9 263	8 368
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>2 734 859</b>	<b>2 520 468</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader	2	1 793 332	1 648 569
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	86 802	72 643
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	0	0
Andre driftskostnader	3	900 457	870 940
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>2 780 591</b>	<b>2 592 153</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-45 732</b>	<b>-71 684</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Finansinntekter	6	171	35
Finanskostnader	6	1 121	491
<b>Sum finansinntekter og finanskostnader</b>		<b>-951</b>	<b>-456</b>
<b>Resultat av periodens aktiviteter</b>		<b>75 720</b>	<b>47 414</b>
<b>Avregninger og disponeringer</b>			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	76 031	100 115
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapital)	8	-29 348	-27 974
<b>Sum avregninger og disponeringer</b>		<b>46 683</b>	<b>72 140</b>

	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Avgifter og gebyrer direkte til statskassen	9	0	0
Avregning med statskassen innkrevningsvirksomhet	9	0	0
<b>Sum innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Tilskudd til andre		0	0
Avregning med statskassen tilskuddsforvaltning	10	0	0
<b>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

## Balanse

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>EIENDELER</b>			
<b>A. Anleggsmidler</b>			
<b>I Immaterielle eiendeler</b>			
Programvare og lignende rettigheter	4	20 568	13 500
Immaterielle eiendeler under utførelse	4	0	0
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>		<b>20 568</b>	<b>13 500</b>
<b>II Varige driftsmidler</b>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	48 885	50 704
Maskiner og transportmidler	5	65 609	77 082
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	236 285	241 616
Anlegg under utførelse	5	0	0
Infrastruktureiendeler	5	0	0
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>350 779</b>	<b>369 403</b>

	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>III Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler	11	1 132	2 029
Obligasjoner		0	0
Andre fordringer	11A	0	0
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>1 132</b>	<b>2 029</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>372 479</b>	<b>384 932</b>
<b>B. Omløpsmidler</b>			
<b>I Beholdninger av varer og driftsmateriell</b>			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	12	0	0
<b>Sum beholdning av varer og driftsmateriell</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>II Fordringer</b>			
Kundefordringer	13	28 805	28 798
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	1 920	1 859
Andre fordringer	14	63 601	109 538
<b>Sum fordringer</b>		<b>94 327</b>	<b>140 195</b>
<b>III Bankinnskudd, kontanter og lignende</b>			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	1 032 614	1 053 631
Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger	17	0	0
Andre bankinnskudd	17	1 907	0
Kontanter og lignende	17	0	0
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>		<b>1 034 521</b>	<b>1 053 631</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>1 128 848</b>	<b>1 193 826</b>
<b>Sum eiendeler drift</b>		<b>1 501 327</b>	<b>1 578 758</b>
<b>IV Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer</b>			
Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten	9	0	0
Sum fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
<b>Sum eiendeler</b>		<b>1 501 327</b>	<b>1 578 758</b>

## Balanse

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2023	31.12.2022
STATENS KAPITAL OG GJELD			
<b>C. Statens kapital</b>			
<b>I Virksomhetskaptal</b>			
Innskutt virksomhetskaptal	8	0	0
Opptjent virksomhetskaptal	8	155 536	126 187
<b>Sum virksomhetskaptal</b>		<b>155 536</b>	<b>126 187</b>
<b>II Avregninger</b>			
Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15.I	228 189	304 220
<b>Sum avregninger</b>		<b>228 189</b>	<b>304 220</b>
<b>III Utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)</b>			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	371 347	382 903
Ikke inntektsført bevilgning	15 III	0	0
<b>Sum utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)</b>		<b>371 347</b>	<b>382 903</b>
<b>Sum statens kapital</b>		<b>755 072</b>	<b>813 311</b>
<b>D. Gjeld</b>			
<b>I Avsetning for langsiktige forpliktelseser</b>			
Avsetninger langsiktige forpliktelseser	19	0	0
<b>Sum avsetning for langsiktige forpliktelseser</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>II Annen langsiktig gjeld</b>			
Øvrig langsiktig gjeld		0	0
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>



	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>III Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		126 290	216 949
Skyldig skattetrekk		71 207	62 902
Skyldige offentlige avgifter		69 096	56 497
Avsatte feriepenger		152 686	141 089
Ikke inntektsførte tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte)	15 II	158 749	168 432
Mottatt forskuddsbetaling	16	32 948	33 252
Annen kortsiktig gjeld	18	135 278	86 326
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>746 255</b>	<b>765 447</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>746 255</b>	<b>765 447</b>
<b>Sum statens kapital og gjeld drift</b>		<b>1 501 327</b>	<b>1 578 758</b>
<b>IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer</b>			
Ikke utbetalt bevilgning mottatt til tilskuddsforvaltning (nettobudsjetterte)	10B	0	0
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
<b>Sum gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum statens kapital og gjeld</b>		<b>1 501 327</b>	<b>1 578 758</b>

## Kontantstrømoppstilling for nettobudsjetterte virksomheter (direkte modell)

Beløp i 1000 kroner

	31.12.2023	31.12.2022	Budsjett 2024
<b>Kontantstrømmer fra driftsaktiviteter</b>			
<b>Innbetalinger</b>			
innbetalinger av bevilgning fra fagdepartementet (nettobudsjetterte)	2 360 182	2 245 669	2 460 000
innbetalinger av bevilgninger fra andre departementer (nettobudsjetterte)	4 220	4 080	4 400
innbetalinger fra salg av varer og tjenester	137 551	112 397	113 810
innbetalinger av avgifter, gebyrer og lisenser	0	0	0
innbetalinger av tilskudd og overføringer	189 354	179 537	114 801
innbetaling av refusjoner	0	0	0
innbetalinger knyttet til konsortie-/samarbeidsavtaler	0	0	0
andre innbetalinger	71 392	103 325	16 234
<b>Sum innbetalinger</b>	<b>2 762 698</b>	<b>2 645 008</b>	<b>2 709 245</b>
<b>Utbetalinger</b>			
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader	1 714 052	1 626 637	1 811 515
utbetalinger for varer og tjenester for videresalg og eget forbruk	947 523	843 054	1 019 657
utbetalinger av skatter og offentlige avgifter	107	-526	0
utbetalinger og overføringer til andre statsetater	0	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter	0	0	0
andre utbetalinger	44 826	54 325	23 871
<b>Sum utbetalinger</b>	<b>2 706 508</b>	<b>2 523 490</b>	<b>2 855 043</b>
<b>Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter *</b>	<b>56 191</b>	<b>121 518</b>	<b>-145 798</b>

	31.12.2023	31.12.2022	Budsjett 2024
<b>Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter</b>			
innbetalinger ved salg av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (+)	0	0	0
utbetalinger ved kjøp av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (-)	-75 247	-113 382	-85 579
